


KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT,  
FRILUFTSLIV OG FYSISK AKTIVITET  
2014-2025 Fusa kommune



## FØREORD

Det ligg no føre ein oppdatert Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for perioden 2014-2025, vedteken av Fusa kommunestyre 8. mai 2014.

Planen byggjer på planprogram vedteke av kommunestyret 4. oktober 2012. Planperioden vart opphavleg sett til 2012-2019 og 8 år som planperiode for den langsiktige delen. Rettleiar til Kulturdepartementet (V-0798) rår til at ein nyttar 12 år som ytre ramme for langtidsprogrammet. Planperiode for den langsiktige delen av kommunedelplanen er difor endra til 2014-2025.

Fusa kommune arbeider med ein planstrategi. Denne skal rullerast kvart 4. år og ta stilling til kva planar som skal rullerast og når. Ved behov kan kommunedelplanen rullerast før det har gått 12 år.

Handlingsprogrammet 13.2 vil uansett blir rullert kvart år i samband med prioriteringa av statlege spelemidlar.

Planen har følgd opp føringane i planprogrammet, men på eit punkt har ein prioritert annleis. I følgje planprogrammet skulle kapittelet om *Folkehelse og fysisk aktivitet* ikkje ha ein eigen tiltaksdel. Dette har ein gjort om på då ein såg det som tenleg å konkretisera korleis ein kan nå måla, også på dette området. Tiltaka er generelt formulerte og har slik karakter av å vera retningsgjevande og ein idébank for ei ønskt utvikling.

Det har vore ei administrativ arbeidsgruppe for planarbeidet representasjon frå oppvekst, teknisk sektor, landbruk, folkehelse og kultur. I den utvida referansegruppa har det møtt representantar frå idrettsrådet, Det frivillige skyttarvesen, Fusa turlag, Bergen og omland friluftsråd, rådet for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet.

Kulturkontoret har vore sekretariat for planarbeidet.

Eikelandsosen 8. juli 2014

## **2 INNHALD**

### **1 Føreord**

### **2 Innhald**

### **3 Samandrag**

### **4 Innleiing**

- 4.1 Bakgrunn
- 4.2 Planen som styringsverktøy
- 4.3 Planprosessen
- 4.4 Mål i førre plan
- 4.5 Kor langt ein har komen

### **5 Nasjonale, regionale og lokale føringar for planfeltet**

- 5.1 Statleg politikk for idrett og fysisk aktivitet
- 5.2 Regionale føringar
- 5.3 Kommunale føringar og strategiar

### **6 Utviklingstrekk**

- 6.1 Folketal og samansetjing i Fusa kommune
- 6.2 Aktivitetstrender på nasjonalt nivå
- 6.3 Aktivitetstrender i Fusa
- 6.4 Toppidrett i Fusa

### **7. Visjon, mål og delmål**

- 7.1 Visjon for Fusa kommune
- 7.2 Visjon for planen
- 7.3 Hovudmål og delmål

### **8 Fysisk aktivitet og folkehelsearbeid**

- 8.1 Folkehelsearbeid
- 8.2 Universell utforming
- 8.3 Fysisk aktivitet
- 8.4 Aktiv kvardag - barnehage, skule og sfo
- 8.5 Aktiv kvardag - vaksne
- 8.6 Sunn idrett
- 8.7 Frivillig arbeid
- 8.8 Mål og tiltak

### **9 Friluftsliv**

- 9.1 Attraktive areal for friluftsliv
- 9.2 Kommunen si rolle i samarbeid med BOF
- 9.3 utfordringar
- 9.4 Juridiske verkemiddel
- 9.5 Økonomiske verkemiddel
- 9.6 Drift av nye friluftsområde
- 9.7 Parkeringsplassar knytt til friluftsområde og turstiar

### 9.8 Mål og tiltak

### **10 Idrett og idrettsanlegg**

- 10.1 Nærmiljøanlegg
- 10.2 Idrettsanlegg
- 10.3 Mål og tiltak

### **11 Verkemiddel i anleggspolitikken**

- 11.1 Planlegging
- 11.2 Sikring av areal
- 11.3 Økonomiske verkemiddel
- 11.4 Juridiske verkemiddel

### **12 Kommunen og idretten**

- 12.1 utfordringar
- 12.2 Tilskot til private investeringar
- 12.3 Tilskot til drift av private anlegg
- 12.4 Kommunale investeringar i idrettsanlegg
- 12.5 Modellar for drift av idrettsanlegg
- 12.6 Utvikling og innføring av Fusa-modellen
- 12.7 Frivillig arbeid og idrett
- 12.8 Idrettsrådet i Fusa
- 12.9 Mål og tiltak

### **13 Anleggsutvikling 2014-2025**

- 13.1 Prioriteringar i anleggspolitikken
- 13.2 Handlingsprogram for 2014-2017
- 13.3 Langtidsplan 2018-2025

### **Vedlegg**

- 1. Tiltak og innspel som ikkje har kome med i handlingsprogram**
- 2. Krinsvis oversyn av anlegg i Fusa**
- 3. Krinsvis vurdering av idrettsanlegg**
- 4. Referansar og kjelder**

### 3.0 SAMANDRAG

I innleiinga stadfestar det nye plandokumentet for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet bakgrunnen for planen, organiseringa og gjennomføringa av planarbeidet. Det vert også gjort opp status for tiltaka som vart prioritert i førre plan (Kommunedelplan for idrett og friluftsliv 2005-2014). Fusa har eit stabilt folketal, men framskrivinga syner at den relative delen eldre vil auka. Det vert viktig å halda folk friske, gje dei høve til å vera fysisk aktive, anten innan organisert idrett eller på eiga hand.

Ambisjonen for planen er å svara på dei statlege, regionale og lokale føringane for dette planfeltet. Visjon og mål byggjer vidare på føringar frå samfunnsdelen til kommuneplanen 2011-2023. Fusa - midt i blinken. Visjon for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er: "Aktivt liv og trivsel for alle" og det overordna målet at "Fusa skal stimulera og leggja tilrette slik at alle kan vera fysisk aktive i nærmiljøet og ta del i organiserte aktivitetar".

Føringar knytt til idrett og friluftsliv er sjølvstøtt sentrale, men det er òg lagt særleg vekt på folkehelse og universell utforming. Fysisk aktivitet har ein positiv effekt på folkehelsa, og det er gode argument for å ha eit fokus på å få dei inaktive i aktivitet. Friluftsliv vert rekna som eit lågterskeltilbod som gjev alle høve til å driva fysisk aktivitet, uansett alder, kjønn, funksjonsnivå og sosiale tilhøve. Det vert difor lagt særleg vekt på tilrettelegging for aktivt friluftsliv i planperioden.

Planen slår fast at Fusa har god anleggsdekning for viktige anleggstypar som gymsalar, skianlegg, symjehallar, fotballbanar og skytebanar. Utfordringa i åra som kjem er snarare å halda desse vedlike og gjera dei attraktive for aktivitet, enn å bygga nye anlegg. Vi treng t.d. ikkje fleire fotballbanar, men ei omlegging frå grus til krøllgras for å skapa meir aktivitet. Det er stor trong for ein fleirbrukshall for dei typiske hallidrettane både til dagleg trening, treningssamlingar, konkurransar og større stemner. Ein fleirbrukshall vil ha mykje å seia for oppslutninga om og utviklinga av hallidrett i vår kommune og skapa store positive ringverknader for heile idrettsmiljøet i Fusa.

Innsats frå idrettslag og frivillige aktørar (grendalag, velforeiningar, turlag osv.) vil vera avgjerande for realiseringa av tiltaksplanen. For å sikra eit godt samarbeid mellom kommunen og frivillige aktørar, både innan idretten og friluftslivet, tek planen initiativ til å gjera rolle- og ansvarsdelinga tydelegare i høve idrettsanlegga og idrettslaga, Fusa idrettsråd og andre frivillige aktørar. Organisasjonsmodellen for idrettsanlegga vert drøfta og "Fusa-modellen" legg opp til forpliktande avtalar mellom idrettslaga og kommunen der idrettslaga m.a. tek ansvar for drift og utvikling av idrettsanlegg som i utgangspunktet var kommunale. Liknande avtalar er det også for vedlikehald av turstiar.

Den kommunale tilskotsordninga til bygging av ordinære private anlegg til idrett og friluftsliv vert vidareført. Her tek Fusa kommune del i finansieringa med 1/3 av kostnad. Tilskotsordninga for drift av private idrettsanlegg er oppdatert med nye satsar som vil opna for at fleire anlegg kan få driftstilskot frå kommunen. Det er lagt fram tre ulike alternativ til finansiera endringane:

- auka budsjettrammer til kultur
- ta pengar frå tilskot til investeringar i private anlegg
- fordela innanfor eksisterande rammer med reduserte satsar

Idretts- og nærmiljøanlegg har ein sentral plass i tilrettelegginga for idrett og fysisk aktivitet og i arbeidet med å skapa gode og attraktive bumiljø. Tiltak i Fusa har fått tildelt meir 24 mill kroner i statlege spelemidlar fram til 2013 og verdien av investeringane har då vore meir enn 3 gonger så store. I tillegg kjem reine kommunale utbyggingar og investeringar gjort utan statleg eller kommunal medfinansiering t.d. Framo aktiv.

Byggjeaktiviteten i Fusa har særleg vore stor dei siste 10-15 åra. Skal ein realisera det ambisiøse handlingsprogrammet for den nye planperioden vil ein få ein ny topp i investeringane. Det er meldt inn 39 tiltak første fire år og i tillegg 25 prosjekt i dei siste fire åra av planperioden. Alle desse prosjekta blir ikkje realisert, men det vitnar om engasjement, behov og ønskt utvikling.

Både handlingsprogrammet for 2014-2017 og langtidsplanen 2018-2025 er uprioritert. Prioriteringane kjem med den årlege rulleringa av handlingsprogrammet med vedtak i kommunestyret i desember, der berre godkjende og reelle søknader om spelemidlar er med. Denne handsaminga skal då følgja opp dei prinsipp for prioriteringar som går fram av gjeldande kommunedelplan.

Realiseringa av ein ny fleirbrukshall vert eit stort økonomisk løft for Fusa kommune. Rehabilitering og utvikling av uteområda ved skular og barnehagar vil også krevja ei målretta satsing. Realisering av desse tiltak føreset at det vert prioritert kommunal finansiering i årsbudsjett og økonomiplanar i åra som kjem.

Det vert også krevjande å realisera dei mange private tiltaka i handlingsprogrammet i denne planen. Opphoping av gode prosjekt kan føra til at det blir lang ventetid for å få utbetalt både kommunale tilskot og statlege spelemidlar, noko som føreset at ein får til forskotteringar for å unngå at gode tiltak vert sett på vent. Det vert viktig å få til eit godt samarbeid mellom frivillig sektor, næringslivet og Fusa kommune for å få realisert desse planane. Ein kjem heller ikkje utanom idrettspolitiske prioriteringar både på politisk nivå og i idretten sine organ for å realisera visjonen om . "Aktivt liv og trivsel for alle"

## **4.0 INNLEIING**

### **4.1 Bakgrunn**

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014–2025 er ein revisjon av kommunedelplan for idrett og friluftsliv 2005–2014. Dette er det tredje plandokumentet innan planområdet. Planlegginga på feltet er noko på etterskot i høve behova. Gjennom denne kommunedelplanen får Fusa kommune eit oppdatert planverktøy som speglar dagens situasjon og framtidige behov og ønskje.

Planen er tematisk og har status som kommunedelplan innanfor samfunnsplanlegginga etter plan- og bygningslova, men utan heimel til arealdisponeringar. I den grad det er naudsynt vil ein i dette planarbeidet kunna gje tilrådingar om arealdisponeringar til kommuneplanen sin arealdel. Staten krev at kommunane har utarbeida ein eigen plan for å kunna søkja statlege spelemidlar. Styresmaktene har i denne samanheng også innført minstekrav til innhald i planen (V-0798B).

### **4.2 Planen som styringsverktøy**

Kommunedelplanen skal vera eit overordna politisk styringsdokument der samfunnsmessige behov vert avdekkja, og der ein set mål og vedtek løysingar for området på kort og lang sikt. Kommunedelplanen er òg eit utgangspunkt for rådmannen sitt administrative arbeid og forvaltning av oppgåver innan områda idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Såleis vil planen vera styrande for samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane. Planen skal m.a. sikra:

- sterk kommunal styring av anleggsutbygginga
- klar politisk prioritering på planfeltet
- riktige mål og vegval
- tydelege rolle- og ansvarslinjer i høve idrettslaga, Fusa idrettsråd, og andre frivillige lag og organisasjonar
- grunnlag for å kunna søkja spelemidlar til friluftsføremål, idrettsanlegg osv

### **4.3 Planprosessen**

Arbeidet med denne planen starta opp i mai 2012 med utarbeiding av planprogram som gjorde greie for føringar, tematisk omfang av planen, organisering og arbeidsopplegg. Kommunen varsla samstundes planoppstart. Planprogrammet vart utarbeida av administrasjonen. Det vart så lagt ut på høyring i seks veker og ferdig handsama i kommunestyret 3. oktober 2012.

#### **4.3.1 Organisering av planarbeidet**

I planprogrammet vart det drøfta to moglege organiseringar av planarbeidet. I planarbeidet har ein nytta modellen med planutvalet som politisk styringsgruppe.

Referansegruppa for planen har vore stor og breitt samansett , med mange ulike interesser

representerte. Sjølv om dette har gjort arbeidet krevjande, har ein von om at planen har fanga opp alle dei ulike interessene, og slik får brei legitimitet hjå dei som skal nytta planen for å utvikla både idretten og friluftslivet i kommunen. Medlemene i arbeidsgruppa frå Fusa kommune sin administrasjon har utgjort ei arbeidsgruppe som har følgd planprosessen.

#### 4.3.2 Planarbeidet

Sjølve planarbeidet tok til i november 2012 med møter i arbeidsgruppe og referansegruppe. Omsynet til medverknad frå partar har stått sentralt i arbeidet, og sekretariatet har teke imot innspel både munnleg og skriftleg gjennom heile planprosessen

##### Møte i planperioden

Møte	Dato	Tema
Arbeidsgruppa	15.11.2012	Oppstartmøte
Møte i referansegruppa	21.11.2012	Nasjonale, regionale og lokale føringar på planfeltet
Ope møte/ folkemøte	10.01.2013	Orientering om planarbeidet
Temamøte om idrett	23.01.2013	Behovsanalyse og drøfting
Temamøte om fysisk aktivitet	20.02.2013	Behovsanalyse og drøfting
Temamøte om friluftsliv	22.03.2013	Behovsanalyse og drøfting
Arbeidsgruppa	28.10.2013	Gjennomg av mål/tiltak mm
Referansegruppa	04.11.2013	Gjennomg av mål/tiltak mm
Arbeidsgruppa	18.03.2014	Gjennomg av høyr. innspel
Referansegruppa	20.03.2014	Gjennomg. av høyr. innspel

#### 4.4 Mål i førre plan

Kommunedelplan Idrett og friluftsliv 2005-2014 hadde eit stort fokus på idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Visjonen for førre plan var henta frå då gjeldande kommuneplan: I Fusa vil ein arbeida for at innbyggjarane i kommunen får ein god livskvalitet, i bærekraftige lokalsamfunn.

To mål vart definert med tilhøyrande strategiar og handlingsprogram:

Mål 1: Innbyggjarane skal motiverast for fysisk aktivitet og friluftsliv

Mål 2: Det skal leggjast til rette slik at alle vera aktive utifrå sine føresetnader og behov

Sentrale strategiar for å nå desse måla er:

- Rehabilitera gamle anlegg.
- Utvikla eksisterande anlegg for å auka aktivitet/bruksfrekvens, fleirbruk og fremja nye aktivitetar.
- Byggja ut anlegg i nærmiljøa særleg retta mot barn og ungdom.
- Halda fram satsinga på å rusta opp og utvikla ute- og nærområda til skular og barnehagar.
- Leggja til rette anlegg for funksjonshemma.
- Ha auka fokus på fysisk aktivitet i barnehage og skule.
- Å arbeida for fleire gang- og sykkelveggar ved fylkes- og riksveggar i Fusa

#### 4.5 Kor langt er ein komen?

Måla i den førre planen var overordna. Det som vart formulert som strategiar kan også sjåast på som delmål. Ser ein stort på det så har Fusa kommune langt på veg nådd desse delmåla.

Store delar av handlingsprogrammet i førre plan er gjennomført. Det har vore stor aktivitet og god gjennomføringsevne. Det har vore eit godt samarbeid mellom frivillig sektor, kommune og privat næringsliv. Når det gjeld det langsiktige oversikten over mogelege utbyggingsoppgåver i tida 2005-2014 er det sjølvstapt planar og idear som det ikkje har blitt noko av, men ein ser at det også er bygd anlegg i perioden som ein ikkje hadde planar om i 2005. Noko av grunnen til dette er at hovudrulleringa av planen er utsett.

Nye nærmiljøanlegg har kome inn ved årleg rullering av handlingsprogram. Sidan 1996 er det bygd 7 ballbingar, og det er stadig ønske om å bygga fleire. Innanfor same ordninga er det rusta opp badeplassar, bygd sandvolleybanar og turveggar.

Innan friluftsliv er det mykje ugjort i tilrettelegging av turstiar og turveggar. Her er ein i ein god prosess som det er naturleg å føra vidare inn i ein ny planperiode 2014-2025.



## 5.0 NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE FØRINGAR

### 5.1 Statleg politikk for idrett og fysisk aktivitet

Grunngjevinga for statleg medverknad og støtteordningar til idrett og fysisk aktivitet er knytt til eigen- og nytteverdien av idrett og fysisk aktivitet. Nytteverdien er særskild knytt til førebyggjande helsearbeid. Det finst ei rekkje statlege dokument som peikar på viktigheita av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og som er retningsgjevande for det kommunale arbeid og prioriteringar på området. På idrettsfeltet er idrett og fysisk aktivitet for alle utheva som den overordna visjonen for statleg idrettspolitik. Staten si oppgåve er først og fremst å sørgja for best mogleg rammevilkår for den medlemsbaserte idretten, men også å leggja til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og trening.

I [St.meld. nr. 14 \(1999- 2000\)](#), *Idrettslivet i endring* gjev departementet uttrykk for at det ikkje berre er organisert idrett som har rett til offentleg støtte. Alle skal få moglegheit til å driva idrett og fysisk aktivitet tilpassa den lokale aktivitetsprofilen, men barn og unge er primære målgrupper. Gjeldande friluftslivspolitik legg til grunn at friluftsliv er eit velferdsgode som skal sikrast og fordelast jamt i befolkninga.

I [St.meld.nr. 39 \(2000-2001\)](#), *Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet* vert det sett fokus på friluftslivet si evne til å skapa god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelsa og ei berekraftig utvikling. Dei viktigaste nasjonale måla er å sikra allemannsretten og naturområde, utvikla samanhengande grøntområde, samt oppretthalda gode aktivitetstilbod til barn og unge.

I høve folkehelseperspektivet i denne planen får **folkehelsemeldinga (St. meld nr. 34 2012-13)** god helse – felles ansvar tyding for planarbeidet, då den skildrar satsing på førebygging som ein viktig del av ei ny framtidig kommunerolle. Med samhandlingsreforma foreslår regjeringa ei auka satsing på førebyggjande helsearbeid i kommunane, og å tildela kommunane midlar til oppfølging av reforma. I 2011 vert reforma for alvor sett i gong med regjeringa sitt framlegg til **Nasjonal helse- og omsorgsplan, Lov om kommunale helse- og omsorgstenestar** og **Lov om folkehelse**.

Også **Plan- og bygningslova** tek i vare eit folkehelseomsyn og bidreg til å forankra folkehelsearbeid i plan- og styringsdokument. All planlegging etter denne lova skal fremja befolkninga si helse og motverka sosiale helseforskjellar.

**Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, Sammen for fysisk aktivitet**, framhevar viktigheita av fysisk aktivitet for befolkninga si helse og trivsel. Planen ser på fysisk aktivitet i eit større perspektiv enn før. Auka fysisk aktivitet og betre folkehelse skal bli nådd gjennom ein samla strategi som omfattar tiltak på fleire samfunnsområde, m.a. i barnehage, skule, arbeidsplass, transport, nærmiljø og fritid.

**Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova** har som føremål å fremja likestilling og likeverd. Ein skal sikra alle, uavhengig av funksjonsevne, like moglegheiter og rettar til samfunnsdeltaking, og hindra diskriminering på bakgrunn av nedsett funksjonsevne. Plikta til universell utforming av offentlege bygg og anlegg er heimla i § 9 Plikt til generell tilrettelegging (universell utforming).

I [St.meld. nr. 39 \(2006-2007\)](#), *Frivillighet for alle*, vert det sett fokus på omfanget og tydinga av det frivillige arbeidet innan den organiserte idretten. Frivilligheitsmeldinga understrekar at frivillig sektor yt uvurderlege bidrag til samfunnet gjennom tenesteproduksjon

og omfattande frivillig innsats. Den viktigaste verdien i frivillig sektor ligg i organisasjonane sine bidrag til den enkelte sin livskvalitet, gjennom medverknad til gode oppvekstmiljø, møtestader, inkludering, opplæring, meiningsdanning og demokratibygging. Heile 58 % av befolkninga deltek i frivillig innsats, og 80 % er medlem i ein eller fleire organisasjonar.

**Nasjonal transportplan 2010-2019** med den nasjonale sykkelstrategien og den nasjonale gåstrategien

**Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområde, MD 2014-2020**

**Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv 2014-2020**

**St. meld. 34 (2012-2013) Folkehelsemeldinga - god helse - felles ansvar**

## 5.2 Regionale føringar

Hordaland fylkeskommune har ei sentral rolle som regional utviklar og har det regionalpolitiske ansvaret for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet 2011-2018, står i samheng med aktivitets- og anleggspolitikken som vert skissert i fylkesdelplanen. Gjeldande fylkesdelplan er **Fylkesdelplan 2008- 2012, Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, Aktiv kvar dag**. Denne er retningsgjevande for arbeidet med fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv fram mot 2013. Hovudmålet er at flest mogleg skal kunna vera aktiv kvar dag, nært der dei bur. Prioriterte satsingsområde i perioden er:

- Partnerskap for folkehelse
- Tilrettelegging for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Anlegg for idrett og friluftsliv

Folkehelse er eit satsingsområde som er høgt prioritert både nasjonalt og på fylkesnivå. **Handlingsprogram for folkehelse 2010–2011** tek til orde for at folkehelseperspektivet må inn i alle relevante kommunale planar. Tiltaksplanen skisserer fire prioriterte arbeidsoppgåver:

- Styrking og vidareutvikling av partnerskap for folkehelse i Hordaland
- Samordning og utvikling av folkehelsearbeidet i eiga tenesteyting
- Utføra kunnskapsoppsummering om hordalendingane sin helsetilstand og faktorar som har innverknad på den
- Utvikling av plan for folkehelsearbeidet i Hordaland

Det ligg også føre ein ny regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland:

### **Fleire gode leveår for alle – Regional plan for folkehelse 2014-2025**

Den overordna målsetnaden i **Fylkesdelplan 2006– 2009, Deltaking for alle - universell utforming**, er at alle skal kunna delta i samfunnet på like vilkår. Planen legg fram fleire strategiar for å nå målet, m.a. ved at:

- Alle nye offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal vera universelt utforma frå og med 2009

- Eksisterande offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal ha universell utforming frå og med 2019
- All infrastruktur for samferdsle i Hordaland skal ha universell utforming
- Det skal vera universelt utforma turløyper i kvar region/destinasjon

### 5.3 Kommunale føringar og strategiar

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet må samsvara med eksisterande plandokument og politiske vedtak i Fusa kommune. Overordna føringar ligg i Samfunnsdelen til kommunen:

#### **Samfunnsdelen til kommuneplan 2011-2023, Fusa – midt i blinken**

Samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktigaste styringsdokumentet i kommunen og legg rammene for planlegging, aktivitet og arealbruk.

Under satsingsområde 1 Berekraftige lokalsamfunn og temaet "Bukommunen Fusa- Trivsel for alle" er det formulert mål om eit variert kulturtilbod og høve for alle til å driva friluftsliv med tilhøyrande strategiar. I satsingsområde 3 i planen "Samhandling og samarbeid – lagspel gjev gode resultat" er det eit uttrykt mål å styrkja samarbeidet med frivillig sektor. Det er også lagt stor vekt på å utvikla samarbeidet med næringslivet, andre kommunar, andre offentlege instansar og interkommunale organ.

#### **Kommuneplanen sin arealdel 2006-2016**

Kommuneplanen er kommunen sitt fremste arealpolitiske styringsverktøy og legg rammene for den langsiktige utviklinga av kommunen. Dette set overordna rammer for den fysiske og framtidige lokaliseringa av m.a. anlegg, løypetrasear og friluftsområde. Arbeidet med å rullera arealdelen starta opp våren 2012.

#### **Klima- og energiplan 2011-2020**

Planen viser at kommunane har eit styringsansvar for utviklinga av transportsystem, arealplanlegging og byggesakshandsaming som påverkar klima og energibruken i lokalsamfunnet.

#### **Velferdsplan 2010-2020 – Gode kår i alle år**

Sentrale strategiar i planen er ei styrking av folkehelsearbeidet og helseførebygginga blant vaksne og eldre, deltaking i regionale folkehelseprosjekt, samt auka fokuset på rehabilitering og habilitering.

#### **Oppvekstplan 2010-2020 Fusa for framtida – trygg stolt og sterk**

I oppvekstplanen er det innanfor tema Helse og førebygging lagt avgjerande vekt på å samordna ressursar, tverrfagleg samarbeid og at det skal fremjast årlege resultatmål utifrå dei overordna mål og delmål som går fram av Oppvekstplanen. Eit slikt overordna mål er å "Fremja fysisk aktivitet, stimulera til kulturell kreativitet og mangfald". Med tilhøyrande delmål: Alle einingar legg vekt på å førebyggja sjukdom og skade. Alle einingar fremjar fysisk og psykisk helse.

#### **Folkehelse rapport for Fusa 2012**

Det generelle bilete som rapporten dannar tyder på at dei aller fleste har god helse og har føresetnadar for gode og lange liv i Fusa.

I Fusa, som elles i landet, er det ein auka uro for større sosial ulikskap i helse. Andre framtrødande utfordringar i Fusa er: store geografiske avstandar og transport, mangel på sosiale møtestadar og generelt for lite fysisk aktivitet. Ulike grupper skil seg ut og vil krevja tiltaksoppfølging. Dei fleste av utfordringane vil kunne føre til helsekonsekvensar for enkeltindivid, som igjen kan føre til samfunnsmessige og økonomiske belastningar for kommunen. Men dei fleste av faktorane nemnt i rapporten kan førebyggjast.

## 6.0 UTVIKLINGSTREKK

### 6.1 Folketal og samansetjing i Fusa kommune

Folketalet og busetnadsmønsteret i Fusa er stabilt. Ved byrjinga av 2013 budde det 3811 menneske i Fusa. Samfunnsdelen til kommuneplanen har som mål at folketalet skal ha ein gjennomsnittleg auke med 0,8% 2011-2023, noko vil gje eit folketal på vel 4200 innbyggjarar før 2023. Tidleg i perioden ser dette ut til å vera eit ambisiøst mål. Internt i kommunen ser ein ei utvikling med tilbakegang i bygdene frå Sævareid og sørover og ein viss auke på Fusahalvøya, Eikelandssosen og Holmefjord/ Bogøy.

Geografiske avstandar og lite utbygd offentleg transport er ei utfordring i ein landkommune som Fusa. Ser ein på utviklinga innan samferdsle i regionen kan ein venta at fusingane i framtida i større grad vil busetja langs aksen Strandvik-Holmefjord.

Med relativt stabilt folketal kan ikkje venta større variasjon i alderssamansettinga. Nordmenn lev lengre, men svekka helse kombinert med høgare levealder vil føra til ei stor auke i helsekostnadene. Eit viktig grep for å halda folk friske, uansett alder og funksjonsnivå, er å leggja til rette for at dei kan vera fysisk aktive. Dette har verdi både for den einskilde innbyggjar så vel som samfunnsøkonomien.

#### **Prosentvis befolkning i Fusa fordelt på alder, samanlikna med Noreg, 2011.**

Alder	Fusa	Noreg
0-14	20,2	18,7
15-24	12,4	13,1
25-44	23	27,6
45-64	26	25,5
65-74	8,6	7,9
75-79	3,6	2,7

### 6.2 Aktivitetstrendar på nasjonalt nivå

Ein rapport frå Nasjonalt råd for fysisk aktivitet viser at berre 20% av vaksne tilfredsstillar dei norske anbefalingane for fysisk aktivitet, som er minimum 30 minuttar med dagleg moderat aktivitet. Undersøkinga viser vidare at 76% av fysisk inaktive vaksne ønskjer å koma i gang med regelmessig fysisk aktivitet. Utfordringa er å leggja til rette for at desse kjem i gang med trenings- eller mosjonsaktivitetar.

Når det kjem til barn og unge viser undersøkinga at 91% og 54 % av høvesvis 9 og 15-årige gutar og 75 % og 50 % av høvesvis 9 og 15-årige jenter, tilfredsstillar dei norske anbefalingane for fysisk aktivitet; minst 60 minuttar kvar dag med moderat nivå. Gutane er 15 % meir aktive enn jentene, og 9-åringar er 43 % meir aktive enn 15-åringane. Berre halvparten av norske 15-åringar tilfredsstillar anbefalingane. Det er ingen kjent biologisk årsak som kan forklara dei store kjønns- og aldersforskjellane i fysisk aktivitetsnivå blant barn og unge. Korleis vi stimulerer og tilrettelegg for fysisk aktivitet kan sannsynlegvis forklara ein del av forskjellane.

Samanliknbare studium viser at nordmenn er meir med i organisert fysisk aktivitet, men generelt mindre aktive enn befolkninga i andre europeiske land. Likevel er tendensen at talet

på inaktive vert redusert, medan talet på dei som er moderat aktiv stig. I løpet av perioden 1985-2009 har befolkninga auka sin fysiske aktivitet i fritida.

Når det kjem til kva typar aktivitet folk driv er friluftaktivitetar er klart mest utbreitt. Heile 74,6 % av befolkninga driv med friluftaktivitetar minimum ein gong i månaden. Fotball er i ein særstilling både i media og når det gjeld oppslutnad mellom barn og unge, men for befolkninga i sin heilskap er fotball ein relativt beskjeden aktivitet.

I forhold til kjønn dominerer menn i dei fleste aktivitetane. Særskilt gjeld dette fotball, løpstrening og vektløfting/kroppbygging. Kvinner har derimot langt større del av aktive i gymnastikk og dans. Dei aller fleste aktivitetar har søkkande oppslutning med aukande alder. Det er nokre få unntak der oppslutninga stig med aukande alder. Dette gjeld dei store friluftslivsaktivitetane "fotturar i skog/ mark", "skiturar i skog og fjell", og "fotturar på fjell og vidde". Også "dans" og "gymnastikk" har stigande oppslutnad med aukande alder.

Det har skjedd ei endring i treningsmønsteret til den norske befolkninga når det kjem til kva treningstilbod dei nyttar. I rapporten frå Nasjonalt råd for fysisk aktivitet, er tilboda delt inn i tre kategoriar; "idrettslag" (som også inkluderar bedriftsidrettslag), "privat treningstilbod" og "eigenorganisert trening".

Det er desidert flest som driv "eigenorganisert" fysisk aktivitet, og auka i perioden frå 1989 til 2009 har vore markant. I 1989 hadde ein av fem "idrettslag" som sin vanligaste treningssamanheng, medan ein av seks var fysisk aktiv i "privat tilbod". I 2009 var biletet snudd; ein av fem hadde "privat tilbod" som vanligaste treningssamanheng, medan ein av seks nytta "idrettslag".

### **6.3 Aktivitetstrender i Fusa**

Det er mykje som tydar på at fusafolket følgjer dei nasjonale trendane. Sjølv om Fusa ikkje har kommersiell treningssenter så har Framo aktiv treningstilbod som er flittig brukte med m.a. styrketrening, zumba, symjing og spinning.

Orgledd navn	M0-5	M6-12	M13-19	M20-25	M26-	K0-5	K6-12	K13-19	K20-25	K26-	MSum	KSum	Total
Fusa idrettsråd	19	223	126	56	264	14	219	150	26	195	688	604	1292
Eikelandsfjorden Idrettslag	0	61	1	0	18	0	59	14	0	8	80	81	161
Hålandsdal IL	3	20	17	13	74	4	18	13	10	65	127	110	237
Strandvik IL	7	43	16	5	40	5	38	48	5	35	111	131	242
Venjar, IL	2	13	0	0	0	0	3	10	0	2	15	15	30
Ådlandsfjorden I L	0	24	0	0	7	0	20	0	0	4	31	24	55
Fusa Karateklubb	0	41	7	1	10	0	50	13	0	13	59	76	135
Søre Fusa IL	6	13	5	3	23	5	13	7	3	16	50	44	94
Fusa Hestesportlag	1	8	1	0	18	0	18	15	7	28	28	68	96
Fusa Allianseidrettslag	0	0	35	13	25	0	0	15	0	10	73	25	98
Fusa Fotball	0	0	35	13	25	0	0	15	0	10	73	25	98
Fusa Sykkeklubb	0	0	9	8	17	0	0	0	1	3	34	4	38
Fusa Dykkeklubb	0	0	0	0	7	0	0	0	0	1	7	1	8

*Aktivitetstal i idrettslag knytt til Norges idrettsforbund per 1.1.2013*

Det er barn i aldersgruppa 6-12 år som er mest aktive i idrettslag, og ein ser eit markant fråfall i ungdomsgruppa 13-19 år, og eit endå større fråfall i kategorien unge vaksne frå 20-25 år.

Ut i frå tal frå medlemsbasen ser vi at dei tradisjonelle ballidrettane fotball og handball er svært populære blant alle aldersgrupper og begge kjønn. Andre idrettar som utmerkar seg med høge medlemstal er karate, volleyball, skiskyting og hestesport.

Fusa har naturgjevne føresetnadar for å driva eit aktivt friluftsliv, kanskje særleg aktivitetar som vandring og turgåing på sommar og skiaktivitet på vinteren. Båtliv er populært og Fusa har fleire småbåthamner.

#### 6.4 Toppidrett i Fusa

Norges idrettsforbund, særforbunda, idrettskrinsane, idrettsråda og kommunane har eit særleg ansvar for å leggja til rette for det ein gjerne kallar breiddeidretten. Dei einskilde særforbunda har også ansvar for den prestasjonsorienterte delen av idretten og tilhøyrande konkurranseverksemd. Særforbunda og Olympiatoppen har ansvar for å leggja forholda til rette for ei planmessig satsing mot det høgste nasjonale og internasjonale nivå.

Eit godt utvikla og inkluderande aktivitetstilbod (breiddeidrett), er ein føresetnad for utvikling av toppidrettsutøvarar, og det er knytt til breidda at kommunen i fyrste omgong kan bidra. Det er likevel viktig at kommunen er ein medspelar for toppidretten i kommunen og ikkje ei motspelar. Toppidrettsutøvarar er gode rollemodellar og motivatorar for barn og unge som driv idrett, og kan slik vera ei motverkande kraft når utøvarar vurderar å slutta. Utanfor kommunegrensa er toppidrettsutøvarar gode ambassadørar og omdømebyggjarar for kommunen.

Idretten i Fusa har fleire utøvarar i toppsjiktet knytt til ulike idrettar. Erfaringa viser at det kan vera utfordrande å møte behova til utøvarar på elitenivå, og dei må gjerne ut av kommunen for å utvikla seg vidare. Skiskyttartilbodet på Fusa vidaregåande skule er ein spennande modell der ein vil motverka ein slik trend. For å utvikla eliteutøvarar treng idrettslaga gode trenarar som får gode treningstilhøve, og idrettslag som vil satsa for å behalda og utvikla idrettsutøvarar. Det har ein fått til med dette toppidrettstilbodet som i stor grad er finansiert med støtte frå det lokale næringslivet.

Det er klart at kommunen ikkje har anlegg for alle typar idrettar på elitenivå, men fleire anlegg kan nyttast eller oppgraderast ved høve.

Utover eit bidrag til trenings- og konkurransearenaer har kommunen avgrensa høve til å planleggja for idrettslag på elitenivå. Knytt til individuelle utøvarar på elitenivå har kommunen ytt tilskot til Fusalauget som, i eit samarbeid med næringslivet og private, har vært med hjelpa lokale idrettshåp m.a. triatlet Gudmund Snilstveit



## 7.0 VISJON, MÅL OG DELMÅL

### 7.1 Visjon for Fusa kommune

Fusa kommune sin visjon er formulert i samfunnsdelen til kommuneplanen:

Fusa midt i blinken

Vi vil strekkja oss etter å vera ein frisk, positiv, offensiv og aktiv kommune, gjerne litt dristig, kreativ og spennande, og samtidig trygg og robust både som naturkommune, bukommune og arbeidskommune. Det krev både godt blikk, rask reaksjonsevne og nytenking. Fusa skal møta utfordringar offensivt og vera synleg på ein positiv måte. Fusa skal vera midt i blinken! (Sitat s. 2 Samfunnsdelen til kommuneplanen 2011-2023)

Dette er overordna føringar også for området idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

### 7.2. Visjon for planen

"Aktivt liv og trivsel for alle"

Denne visjonen byggjer på overordna føringar i kommuneplanen om at ein ønskjer at Fusa skal vera ein god bukommune der både gamle og nye innbyggjarar kan leva aktive liv med god helse, tryggleik og trivsel. Med "alle" handlar det om sosial inkludering, eit folkehelseperspektiv som tek omsyn til alle grupper i samfunnet og eit særleg fokus på universell utforming.

### 7.3 Hovudmål og delmål

#### Hovudmål

Fusa kommune skal stimulera og leggja tilrette slik at alle kan vera fysisk aktive i nærmiljøet og ta del i organiserte aktivitetar.

#### Delmål

Delmåla i dei ulike delane av planen støttar opp om hovudmålet og byggjer på framlegg i samfunnsdelen til kommuneplanen:

- Fusa kommune skal ha fokus på og fremja auka fysisk aktivitet og betra folkehelsa i Fusa.
- Gje alle høve til å driva aktivt friluftsliv i kvardagen
- Å utvikla eksisterande nærmiljøanlegg til gode møte- og aktivitetsplassar i nærmiljøet
- Byggja fleirbrukshall sentralt plassert i Eikelandsosen

- Utvikla eksisterande gymnastikksalar og anlegg for ski/ skiskyting, hestesport, skytesport og fotball i planperioden slik at desse gjev eit variert fritidstilbod, er gode møteplassar og stimulerer til auka aktivitet.
- Styrkja samarbeidet med frivillig sektor for å fremja idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

## 8.0 FYSISK AKTIVITET OG FOLKEHELSEARBEID

### 8.1 Folkehelsearbeid

Folkehelsearbeid vert definert som "samfunnet sin totale innsats for å oppretthalda, betra og fremja folkehelsa" I dette ligg nødvendigeheit av å styrkja verdiar som gjev det enkelte individ og grupper moglegheit for ansvar, deltaking, solidaritet, meistring og kontroll over eige liv og situasjon." (NOU 1998:18).

Folkehelsearbeidet har heile befolkninga som målgruppe, både barn og unge, vaksne og eldre. Hovudføremålet er å leggja til rette for gode oppvekstvilkår, førebyggja sjukdom og skade og leggje til rette for sunne levevanar. Det er også sentralt å arbeida for at det vert færre helseskilnader mellom ulike samfunnslag, etniske grupper og kjønn. Kommunen og lokalmiljøet er den viktigaste arenaen for folkehelsearbeidet.

Som nemnt i kapittel 3, er samhandlingsreforma og lov om folkehelsearbeid blant dei nasjonale føringane for denne planen.

**Folkehelseprofilen** for Fusa kommune (folkehelseinstituttet) viser ei generelt god helse i kommunen. I forhold til landsnittet har kvinner og menn i Fusa høgare levealder, vi har høgare utdanning og også færre personar med lågare inntekt.

Profilen syner at vi har fleire innbyggjarar frå 0-14 år enn landsnittet. Når vi veit at grunnlaget for vaner knytt til kosthald og fysisk aktivitet vert lagt tidleg i livet, må vi og starte i tidleg alder for å påverke dette. Fusa har og fleire busette i alderen 60 + enn landet elles. Vi veit og at det aldri er for seint å driva førebyggjande arbeid med fysisk aktivitet for denne aldersgruppa.

**Folkehelse rapporten** for Fusa kommune (2012) gjev oss ei oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen. Mangel på sosiale møteplassar samt store avstandar og mangel på offentleg transport peikar seg ut. Ein ser høge tal på hjarte og karsjukdommar hos menn og ei auka bekymring for overvekt, særleg hos barn og unge. Overvekt er i ferd med å bli eit stort helseproblem i dei fleste land. Utviklinga av overvekt kan bremsast ved å rette tiltak mot barn og deira fysiske og sosiale miljø. Livsstilvanane i forhold til røyking ligg og på landsnittet i Fusa. Delen som røyker i den norske befolkninga har gått ned, men framleis røykjer ca 17 prosent daglig. Røyking er den levevanen som har størst negativ påverknad for folkehelsa.

### 8.2 Universell utforming

Universell utforming eller planlegging for alle, betyr at ein skal leggja til rette for at alle skal ha same tilgjenge i samfunnet. I planlegginga for fysisk aktivitet og friluftsliv skal ein ta omsyn til at både born, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal ha tilgang. Ein ny norsk standard for korleis uteområda skal gjerast tilgjengelege for heile befolkninga er utarbeida. Standarden omhandlar alt frå friområde, fiskeplassar, skiløyper, parkar, nærmiljøanlegg og leikeplassar.( NS 11005:2011 "Universell utforming av opparbeidete uteområder - Krav og anbefalinger").

I Fusa kommune har kommuneergoterapeuten spela ei viktig rolle i arbeidet med universell utforming og tilrettelegging. Kommuneergoterapeuten har sete i byggenemnder ved nybygg

og rehabilitering og har hatt eit særleg ansvar for å sjå til at krav om universell utforming vert ivareteke. Det vert viktig for det vidare folkehelsearbeidet at Fusa kommune har denne kompetansen i organisasjonen og at den vert brukt i råd og rettleiing i aktuelle saker på heile idretts- og friluftsfeltet.

### **8.3 Fysisk aktivitet**

Kommunen sitt ansvar for å setja i verk folkehelseiltak omfattar også fysisk aktivitet. (Lov om folkehelsearbeid) Regelmessig fysisk aktivitet gjev dokumentert positiv helseeffekt både fysisk, psykisk og sosialt. Samstundes veit vi at for lite fysisk aktivitet er ein risikofaktor for utvikling av ei rekkje helseplager og sjukdommar. Skilnaden mellom dei fysisk aktive og dei som ikkje er det, aukar. Den største utfordringa, som og gjev størst helsegevinst, er hos dei som ikkje er fysisk aktive i dag.

Det er god samfunnsøkonomi å satsa på auka fysisk aktivitet i befolkninga. Som eit døme vil ein time dagleg fysisk aktivitet i skulen kan ha en potensiell nyttegevinst på bortimot 40 gongar kostnadene. Norske utrekningar viser vidare at kvar fysisk inaktiv trettiåring som byrjar å bli moderat aktiv, gjev ein velferdsmessig gevinst på 3 millionar kroner.

Det gjev også ein vesentleg helsegevinst å stimulera dei som er aktive i ung alder til å vera aktive lengre, jfr fråfallsproblematikken i organisert idrett. Den fysiske aktiviteten skal leggjast til rette for at alle born og unge utan omsyn til funksjonsnivå kan oppleva glede, meistring, fellesskap og variasjon i kvardagen.

Kommunen kan vera nærast garantert at ein innsats i verksame tiltak på dette området vil betala seg på lengre sikt.

#### **Førebyggjande helseteneste**

For mange innbyggjarar er **barnehage og helsestasjon** det første møtet med det offentlege og vert då viktige leverandørar av informasjon. Førebyggjande helseteneste i Fusa er ein viktig samarbeidspartnar for å formidla informasjon om aktivitetar kommunen tilbyr.

Helsestasjonen møter alle nyfødde og deira foreldre. Dette er gode møte til å oppmuntra til ein aktiv livsstil og formidla informasjon om turområde og ulike tilbod av fritidsaktivitetar. Eit haldningsarbeid retta mot foreldre og andre vaksne som omgår born ser ein og som viktig i dette arbeidet.

**Skulehelsetenesta** i Fusa følgjer borna med faste konsultasjonar gjennom heile grunnskulen, og helsesøster kan oppfordra til fysisk aktivitet og informera om helsegevinsten av dette.

**Frisklivstilbod** i kommunal regi er prøvd ut i Fusa og Frisklivssentralar vil truleg bli eit viktig virkemiddel for å nå ut til grupper med særlege behov i åra som kjem både med tilrettelagd trening, kosthaldskurs og røykeslutt.

### **8.4 Aktiv kvardag – barnehage, skule og SFO**

Forsking på å auka tilrettelagt fysisk aktivitet i skulen til opp mot 60 min kvar dag syner gode resultat på elevane sin skuledag. Auka fysisk aktivitet gjev gevinstar både frå eit

folkehelseperspektiv, eit pedagogisk- og sosialt perspektiv. Elevane får gode aktivitetsvanar med helsegevinstar, betra konsentrasjon og dermed auka læreevne. Samtidig viser forskning at aktivitet skapar gode sosiale skulemiljø med auka vennskap og integrering og mindre mobbing. Kombinerer ein fysisk aktivitet med andre timeplanfesta fag (eks grunnfaga matte, norsk, engelsk) gjer ein elevane og fleire innfallsportar til læring. (MILL- Mange intelligensar, Læringsstilar, Læringsstrategiar).

Kommunen har som eigar av skular og barnehagar eit unik høve til å leggja til rette for at borna får positive erfaringar med fysisk aktivitet. Her når vi alle. Tiltak som skal auka fysisk i skulen ser ut til å måtta komma som eit krav frå leiinga dersom det skal verta varig. Eksempelvis auka tal timar gymnastikk, utedag og aktivitet i friminutta, som til dømes *Trivselsprosjektet*. Ei kartlegging av nivået av fysisk aktivitet og tilrettelegging for dette på barneskulane i Fusa, syner store skilnader frå skule til skule. Tal timar med utedag per veke er eit tydeleg eksempel på dette, men óg fokuset på å gå til skulen og grad av styrt aktivitet i friminutta varierer.

Det er ønskjeleg med ei felles utvikling av tilbodet også for fysisk aktivitet i skule og barnehage. Felles visjon, mål og tiltak ville gje eit meir likt tilbod og vil vera med å sikra god kvalitet. Med eit nettverkssamarbeid for fysisk aktivitet vil både skulane og barnehagane kunne dela erfaringar og gode løysingar. Ein ny einingsstruktur, med ein felles leiar for skulane og ein for barnehagane, kan vera eit godt utgangspunkt for dette arbeidet.

I Fusa har ein eit spennande kompetansemiljø på Hålandsdal leirskole innan uteundervising og friluftsliv. Kanskje Fusa kommune kan dra vekslar på dette miljøet på fagdagar for skule og barnehage?

### **Fysisk tilrettelegging**

Fusa kommune har hadde eit felles løft for utbetring av uteområda ved barneskulane samband med seksårsreforma på 90-talet. Ny merksemd om trong for å stimulera til auka fysisk aktivitet gjer at Fusa kommune treng eit nytt slikt løft. Ein må syta for at eksisterande utstyr og anlegg vert rehabilitert og sikra at alle dei kommunale skule- og barnehageanlegga har gode og stimulerande uteareal. Dei må også ha tilgang på godt utstyrte gymnastikksalar.

Tiltak som gjev rett til spelemidlar som kan vera aktuelle: innandørs og/eller utandørs klatreveggar/ buldreveggar, ballbingar, skateramper, hinderløyper, skule o-kart, sandvolleyballbaner, fast idrettsleikutstyr utandørs, omlegging frå grus til kunstgras på ballplassar, turstiar/ turveggar.

### **Trivselsleiarprosjektet i Fusa**

Trivselsprogrammet er eit aktivitetsprogram for barne- og ungdomsskulen. Målet er å bidra til meir aktivitet og auka tryggleik i skulegarden. Programmet er basert på at elevane sjølv set i gang leik og aktivitet og får ansvar for å bidra til ein positiv skulekvardag. Enkeltelevar får i oppgåve å vera trivselsleiar, og dette går på omgang.

Mål for Trivselsprogrammet er å: fremja auka og meir variert leik/aktivitet i storefri, leggja til rette for at elevar skal kunna byggja gode vennskap, minska usemje mellom elevar og fremja verdiar som inkludering, vennlegheit og respekt.

5 barneskular i Fusa nyttar seg i dag av denne modellen, og har hausta svært gode erfaringar med at dette fremjar aktivitet og godt miljø i skulekvardagen. Det er ønskjeleg at prosjektet blir vidareført og blir eit fast tilbod ved alle dei kommunale skulane som ønskjer det.

### **Idrett og SFO**

Fusa vart teken med i Hordaland idrettskrets sitt prosjekt "Idrett og SFO" i 2010. Ein skule i kommunen fekk midlar frå HIK til å driva ein aktiv SFO saman med det lokale idrettslaget. Prosjektet var dei to første åra svært vellukka og ein såg det som ei positiv satsing i skulen.

Utpøving på skule nr 2 vart derfor sett i gang. Det viste seg ikkje å vera vellukka. Kommunen har små idrettslag som gjer slike tiltak vanskeleg å driva. Samarbeidet er sårbart og avhengig av ressurspersonar. Kontinuitet over tid viser seg å verta vanskeleg. Når krava til HIK-prosjektet ikkje vert tilfredstilt kan ein heller ikkje nytta godene. Sjølv om vi framleis vil jobba for ein meir aktiv SFO kvardag i Fusa, vil ikkje "Idrett og SFO-prosjektet" vera ei satsing i planperioden.

### **8.5 Aktiv kvar dag – Vaksne**

Vaksne nyttar meir tid i bil, føre skjermbaserte aktivitetar og er i dag meir stillesitjande på jobb enn før. Dette er nokon av indikasjonane på at vi kvar dag generelt bruker kroppen mindre. Helsedirektoratet anbefalar at vaksne skal vera fysisk aktive i moderat intensitet i minst 30 minutt kvar dag eller tilsvarande aktivitet i løpet av ei veke. Denne dosen fysisk aktivitet vil fremja god helse og førebyggje sjukdom. Meir fysisk aktivitet enn dette vil gje uka helsegevinst.

For Fusa kommune er det eit mål å leggje til rette for ein aktiv kvardag – og for vaksne og eldre. Det er derfor viktig at tilrettelegging av fysisk aktivitet skal fokusere på lågterskeltilbod som inspirerer til fysisk aktivitet utan krav til den einskilde om fysisk tilstand, sosialt tilhøyre, utstyr eller økonomisk evne

Som aktivitetstrendane i Fusa syner ( 6.3) nyttar vaksne i mindre grad enn borna, dei organiserte aktivitetstilboda i idrettslaga. Friluftsliv, eigenorganisert trening ( gå tur, styrketrening etc ) og gruppetreningar på Framo Aktiv er nemnd som dei mest nytta aktivitetane. Levekårsundersøkingar viser til at friluftsliv og aktiv bruk av naturen er den viktigaste fritidsaktiviteten i befolkninga. Ut frå dei mange alternativa ein har i Fusa med tilgang på strandsoner og flotte skogs- og fjellområde, har vi eit fortrinn på dette området som bør nyttast.

Det fins og ein del "ikkje registrerte" aktivitetar for vaksne rundt i bygdene i Fusa, som gubbatrim og dametrim. Det positive med slike tiltak er at dei er lokale, lågterskeltilbod som krev lite planlegging av deltakarane. Men slike uorganiserte aktivitetar er ofte ressurspersonavhengig og fell gjerne bort når engasjementet og kompetansen til enkeltpersonar ikkje er der lenger.

Det er få profesjonaliserte aktivitetstilbod for vaksne i Fusa kommune. Sjølv om store delar av kommunen nyttar Framo aktiv-anlegget så ser ein tendensar til at reiselengda spelar inn. Lågterskeltilbod må liggja i nærmiljøet. I ein liten kommune må ein likevel rekna med

reiseavstand til dei profesjonaliserte aktivitetstilboda. Ut i frå behova som aktivitetstrendane viser kan det i Fusa vera marknad både for fleire lågterskeltilbod i bygdene og fleire sentrale profesjonaliserte tilbod. Auka mobilitet gjer at folk i stadig større grad også nyttar tilbod utanom kommunen.

Som statistikken syner aukar eldregruppa i Fusa gradvis. Ein veit at fysisk aktivitet i aldersgruppa 65 + har svært god førebyggjande og helsefremjande effekt. Ei satsing på denne aldersgruppa vil gje gode helsegevinstar og betra livskvaliteten i eldre år.

## **8.6. Sunn Idrett**

Å skapa sunne verdiar innan idretten er viktig. Fusa kommune vil derfor ha eit auka fokus på å at det skal drivast sunn idrett i kommunen. Sunn idrett vil ha fokus på m.a antidoping, antimobbing, og sunne haldningar til kosthald. Doping er ei utfordring i ungdoms- og treningsmiljøa i Noreg, og ikkje berre i internasjonal toppidrett. Vi vil visa ei nulltoleranse for dette i Fusa.

Idrettslaga spelar ei viktig rolle i dette arbeidet. Det er i denne fasen mange av utøvarane sine framtidsverdiar skapas. Kommunen vil vera ein pådrivar for at idrettsrådet og idrettslaga i Fusa skal vera ein tydelig verdiformidlar for sunn idrett og skapa trygge oppvekstmiljø for dei unge.

## **8.7 Frivillig arbeid**

Dugnadsarbeidet er viktig i folkehelsearbeidet. Det må bli enklare og meir attraktivt å delta i frivillig arbeid slik at organisasjonane kan tilby eit breitt spekter av aktivitetar for flest mogleg. Organisasjonane er, saman med venekrins, familie, arbeidsplass og skule, arenaer der menneske møtest. Dei frivillige organisasjonane er svært viktige for sosialisering, sosial stabilitet og eit velfungerande demokrati. Frivillige organisasjonar må derfor sikrast gode rammevilkår. For å nå flest mogeleg og spesielt born i utsette målgrupper, er det viktig med eit godt tverrfagleg samarbeid mellom det offentlege og idrettslaga i kommunen.

### **Idrettslag**

I ein liten kommune som Fusa vert det vanskeleg for kvart av idrettslaga å dekkja aktivitetsbehovet for alle. Totalt sett har Fusa eit breitt spekter av fritidstilbod for born og unge. Utfordringa ligg gjerne meir på å betra samarbeidet på tvers av idrettslaga og bygdene, og nytta nabobygdene sine aktivitetar og anlegg. Ein må og kunna sjå det som positivt at ei kort reiselengd unna ligg Os og andre nabokommunar med eit enda større utval av fritidstilbod. For vaksne og eldre er det færre organiserte aktivitetar i idrettslaga. Kanskje det kan vera ei framtidssatsing i Fusa?

Fusa kommune har i dag eit godt samarbeid med idrettslaga på ulike måtar. Fusa kommune yt ikkje tilskot til aktivitetar i idrettslaga, men til drift og investering i idrettsanlegg. Idrettslaga nyttar kommunale bygg gratis. Idrettslaga har tilført skulane mykje aktivitetsutstyr som elevane har nytt godt av. Idrettslaga har også eit stort ansvar for å driva kommunale idrettsanlegg

Folkehelsekoordinator i Fusa har sidan 2011, i samarbeid med idrettsrådet, koordinert "Idrettsskule for psykisk utviklingshemma". Idrettslaga stiller opp på dugnad og gjev målgruppa eit variert og godt fritidstilbod. Dette har fungert svært bra, men er og eit døme

på at om tiltak skal fungera og verta varig, krev det ein del organisering. Såleis er ein avhengig av at nokon har oversikta og koordineringsrolla.

Eit anna mål for kommunen er å kunna ta i bruk treningskontaktar som alternativ til støttekontakt. Idretts- og friluftslivsorganisasjonane er og ein god arena for integrering av innvandrara. Dette er også eksempel på tiltak der samarbeidet mellom kommune og idrettslag står sentralt.



**Fusa frivilligsentral** skal vera ein møteplass og brubyggjar mellom menneske i Fusabygdene, frivillige organisasjonar og det offentlege. Frivilligsentralen er eit kontaktpunkt og bindeledd mellom menneske som ynskjer å yta ubetalt innsats i nærmiljøet og personar som ynskjer å ta i mot slik innsats. Fusa frivillig sentral har vore viktig for eldregruppa i Fusa. M.a med etableringa av seniordans, seniorturar, senioruniversitet men og feriekubb for born. Eit samarbeid mellom frivilligsentralen og kommunen fell seg naturleg i det lokale folkehelsearbeidet.

## **8.8 Mål og tiltak**

### **8.8.1 Mål**

- Fusa kommune skal ha fokus på og fremja auka fysisk aktivitet og betra folkehelsa i Fusa.

### **8.8.2 Tiltak**

Tiltak for fysisk aktivitet og folkehelse i planperioden:

Skule og barnehage:

- Fusa kommune må utarbeida ei "Fusa-nista" også for fysisk aktivitet med felles visjon, mål og tiltak for fysisk aktivitet i skule og barnehage
- Opprusta uteområda på skulane og barnehagane til å bli meir aktivitetsstimulerande.
- Byggja fleire gang- og sykkelveggar slik at fleire kan gå og sykla til skule- og barnehage på ein trygg måte
- Utvikla nærmiljøanlegg som både ålmenta og skule og barnehage kan dra nytte av, t.d. friluftsområde.
- Tilby godt utstyrte og tilfredstillande gymnastikksalar til bruk i skule og barnehage.
- Tilby kompetansehevande kurs og etterutdanning innan fysisk aktivitet blant personale i skule og barnehage. Godt sikra kompetanse vil auke aktivitetsnivået.
- Innføra trivselsleiarprosjektet, eller liknande lokale tiltak, som ei felles satsing på alle kommunale skular i Fusa. Også private skular får tilbodet.
- Driva haldningsskapande arbeid. Både blant elevar, tilsette og foreldre. Eks "gå til skulen"-kampanje.
- Delta på prosjekt som stimulerer til fysisk aktivitet og friluftaktivitetar.

Tiltak for heile befolkninga:

- Fusa skal nytta fysisk aktivitet i det førebyggjande og helsefremjande arbeidet for alle aldersgrupper i kommunen.

- Etablere rutinar for å sikra at kravet om universell utforming vert ivareteke ved rehabilitering og nybygg av anlegg til idrett og friluftsliv
- Byggja fleire gang- og sykkelveggar. Det gjev trygge nærmiljø og stimulerer til fysisk aktivitet.
- Driva haldningsskapande arbeid gjennom førebyggjande kommunale instansar (t.d. helsestasjon og legetenesta) og i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Satsa vidare på å merka og leggja tilrette turløyper i kommunen. Det vert også viktig å gjera informasjon om turløyper og friluftsliv lett tilgjengeleg via informasjonstavler og informasjon på nettsidene.
- Kommunen skal leggje til rette for og fremja folkehelsearbeid i frivillige lag og organisasjonar t.d. utbygging av idrettsanlegg, idrettsskule for psykisk utviklingshemma, symjekurs, utstyrsbank mm.
- Arbeida for eit betre kollektivtilbod og tiltak som t.d. "Skyss te ferjo" som kan gjera det lettare å ta del i aktivitet.

### **8.8.3 Tiltak og økonomi**

Aktuelle tiltak under dette punktet må finansierast over dei ordinære drifts- og investeringsbudsjett for Fusa kommune og i tett dialog med frivillig sektor der ein må prøva å henta ut mogeleg ekstern finansiering. Like mykje som pengar handlar det om å ha rett fokus og evna å sjå og møta dei utfordringane for folkehelsa som følgjer med livsstil og levemåte.

## 9.0 FRILUFTSLIV

Friluftsliv spenner over eit stort spekter av aktivitetar og kan utøvast av menneske i alle aldrar med ulike ambisjonsnivå. Med bakgrunn i dette er det ikkje lett å seia kva type friluftsliv og kva arena som er viktigast. For 4-5 åringar som får sitt første møte med friluftsliv, kan 100-meterskogen nær heimen vera det mest ideelle. Enkelte vaksne kan sjå større verdi i urørte fjell- og skogsområde enn opparbeidde turstiar og lysløyper.

### 9.1 Attraktive areal for friluftsliv

Attraktive areal for friluftsliv er område kor folk kan gå på tur, leika, jakta, fiska, sykla osv. Det gjeld spesielt for dei landfaste nærområda, men også langs sjø, vatn og vassdrag, i skogen, på fjellet osv.

For å sikra eit aktivt og variert friluftsliv treng ein difor areal med ulike kvalitetar og ulik grad av tilrettelegging og tilgjenge, frå spesielt tilrettelagte friluftsområde for funksjonshemma, til heilt inngreps- og støyfrie naturområde. Det er naudsynt å ta vare på det biologiske mangfaldet, kulturminne og kulturlandskap og sikra at det er mogeleg å oppleva stilla. **Grøntområde** og **utfartsområde** i nærleiken av busetnader vert stadig viktigare. I tillegg til at slike område vil auka tilgjenget til naturopplevingar, vil det ha ein gunstig effekt på folkehelsa og redusera bilbruk/ klimautslipp.

I Hordaland er store delar av **strandsona** til sjø nedbygd og/eller på andre måtar gjort mindre tilgjengeleg for friluftsliv. Tilsvarende utfordringar finn ein også i mange område ved vatn og vassdrag. Ein strandsonenplan er under arbeid for Fusa, og ein bør då føreslå fleire område der ålmenta kan få tilgang til sjøen.

### 9.2 Kommunen si rolle i samarbeid med BOF

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som forvaltar nærare 200 friluftsområde i Bergen og omlandskommunane. Fusa kommune er medlem med tre område som BOF forvaltar.

I Fusa kommune sitt arbeid med å ivareta attraktive areal er følgjande oppgåver sentrale:

- ivareta attraktive areal for friluftsliv i arealplanlegging etter plan- og bygningslova.
- ta ei aktiv rolle i høve til å sikra (ved kjøp, servituttavtale e.l.) område til friluftsliv

Kommunen bør leggja tilrette for friluftsliv:

- ved å leggja tilrette for turveggar og grøntområde i nærmiljøet, skiløyper, fiskeplassar, merka stiar osv. og at befolkninga er kjent med tilboda som finst. Dette kan skje i nært samarbeid med velforeiningar, idrettslag osv.
- i samarbeid med aktuelle frivillige organisasjonar i kommunen som turlag, jeger- og fiskeforeining, idrettslag m.fl.

- på ein naturvennleg måte og slik at universell utforming vert lagt vekt på.
- gjennom ei aktiv formidling av turinformasjon både ute i terrenget og nettbaserte løysingar

### 9.3 Utfordringar

[St.meld.nr.](#) 39 (2000-2001) om friluftsliv peikar på fire arealkategoriar som særleg viktige for å ta vare på dei attraktive areala for friluftsliv. Desse arealkategoriane er:

- grøntstruktur i nærmiljøet der folk bur.
- markaområde.
- strandsone (særleg sjø, men også vatn og vassdrag).
- store, urørte naturområde.

Friluftslivsmeldinga har klare forventningar til kommunane når det gjeld å ivareta grøntstruktur og markaområde. Det heiter i meldinga at regjeringa vil:

- at grøntstrukturen i alle kommunar med tettstader som veks blir kartlagt og verdivurdert.
- at alle kommunar med tettstadnære markaområde har ei markagrense og ein plan for forvaltning av marka.

I Miljøverndepartementet sin handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde (T-1534) vert det peika på eit stort behov for å sikra attraktive areal i dei tettast folkesette områda. Då får byar og tettstader prioritet, men det vert også peika på at det utanfor nærområdet til byar og tettstader vil vera behov for å sikra utgangspunkt for utfartsområde t.d. ved innlandsvassdrag.

### 9.4 Juridiske verkemiddel

Plan- og bygningslova er det viktigaste verkemiddelet for å ivareta attraktive areal for friluftsliv. Gjennom arealplanlegging må kommunen sørgja for at areal for friluftsliv vert tekne vare på. Dette gjeld grøntstruktur og markaområde ved tettstader, men også strandsona, kulturlandskapet og større skog- og fjellområde.

- Lov om friluftslivet har forskrifter for å ivareta attraktive areal.
- Lov om motorferdsel: Særlig når det gjeld dei større skog- og fjellområda er kommunen si handtering av motorferdselslova avgjerande for om områda sine kvalitetar som friluftslivsområde vert oppretthaldne.

**Allemannsretten** gjev ein rett til å ferdast og opphalda seg i norsk natur. Han gjeld når ein er i skogen, på fjellet, sjøen og elva, i vatn – uavhengig av kven som er grunneigar. Ein kan også hausta av naturen: plukka bær, sopp og blommar eller fiska saltvassfisk. Retten til fri ferdsel og opphald er forankra i friluftslivlova, som blei vedteken i 1957. Lova avklarar tilhøvet

mellom friluftsliv og grunneigar sin rett til å disponera eigen grunn, og ho tek omsyn til begge partar.

Ferdsle og opphald må skje innanfor rimelege grenser, og på ein slik måte at ein ikkje er til ulempe for grunneigar og andre som er på tur. Allemannsretten gjev oss rettar, men også plikter, og det er viktig å vera klar over at alle rettane som allemannsretten gjev, er avgrensa.

### **9.5 Økonomiske verkemiddel - sikring av friluftslivsområde**

Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkja Direktoratet for naturforvaltning om statleg økonomisk medverknad til sikring av friluftslivsområde. Dette har BOF nytta seg av ved etablering av friluftsområda på Fusaneset og Skjelavika. Frivillige organisasjonar og enkeltpersonar som ynskjer å ta initiativ til sikring av friluftslivsområde, bør venda seg til kommunen eller BOF.

Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkja om statleg økonomisk medverknad til sikring av friluftslivsområde.

Nærområde og turvegar i tettstader er høgt prioriterte som nye friluftslivsområde. Sentrale signal kan tyda på at det vert vanskelegare å få staten med på å finansiera område i meir grisgrendte strom.

Det kan søkjast om statleg økonomisk medverknad til kjøp av grunn til regionale og lokale friluftslivsområde og til inngåing av langvarig avtale. Andre måtar å ivareta friluftslivsinteressene på, til dømes leigeavtaler med årlege leigebeløp, vil ikkje vera kvalifisert for statleg økonomisk medverknad (t.d. leigetilhøvet for Hagafjæra).

#### **Regionale og lokale friluftsområde**

Regionale friluftslivsområde er i utgangspunktet område kor hovudtyngda av brukarar kjem frå andre kommunar enn vertskommunen. For regionale friluftslivsområde kan staten medverka med inntil 100 % av sikringsutgiftene. Miljødirektoratet vil leggja vekt på at området sin regionale verdi er avklart gjennom regionale planar.

Lokale område er område der hovudtyngda av brukarane kjem, eller forventast å koma, frå vertskommunen. For lokale friluftslivsområde kan staten medverka med inntil 50 % av sikringsutgiftene.

#### **Kommunane si arealplanlegging viktig**

Det er viktig å presisera at areal for ålment friluftsliv ikkje kan verta ivareteke berre ved sikring. Areal for friluftsliv må først og fremst takast vare på gjennom bruk av plan- og bygningslova. Dette har samanheng med at allemannsretten og friluftsløva ivaretar ålmenta sin rett til fri ferdsel og opphald i utmark, og at det normalt ikkje skal vera naudsynt med offentleg råderett over areala for å ivareta desse rettane.

### **9.6 Drift av nye friluftsområde**

Når nye område vert sikra er det for at områda skal leggjast tilrette for bruk. Tilrettelegginga kan i hovudsak gjennomførast på to måtar:

- I regi av ein frivillig organisasjon
- I regi av BOF

Eller så kan ein sjå for seg eit samarbeid mellom desse slik ein har lagt opp til på Vinnesholmen og for Bygdastølen-området. Kommunen kan yta tilskot, men har i utgangspunktet overlete ansvaret for drift av offentlege område til BOF. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at det i framtida kan verta utbygging der private næringsinteresser er involverte.

Det som er tilrettelagt må også driftast. Dette er vanlegvis BOF si oppgåve når dei er involverte i sikringsprosessane. Ofte kan dette skje i samarbeid med lag og organisasjonar. Dagleg tilsyn og enkelt vedlikehald vert gjennomført lokalt med oppfølging frå BOF. Det kan verta vanskeleg for BOF å ta på seg nye driftsoppgåver utan ekstra ressursar og det er ikkje realistisk at det vert etablert fleire BOF-område i Fusa første fire åra.

## **9.7 Parkeringsplassar knytt til friluftsområde og turstiar**

I Fusa kommune har folk høve til å oppsøkje friluftsområde eller turstiar/ vegar i nærleiken av bustad. Samtidig så ynskjer mange av oss å prøve ut nye turområde i kommunen og set seg i bilen.

Ein ser effekten av vegutløyising og gode parkeringstilhøve på Heihiller. Dette veganlegget har utløyst stor aktivitet til alle årstider. Andre stader manglar ei slik tilrettelegging. I størst mogeleg grad må ein då nytta andre offentlege parkeringsplassar som t.d. ved offentlege institusjonar, offentlege bygg og bygdesenter.

På område som ikkje har tilrettelagde parkeringsplassar vert bilane gjerne ståande langs veg og vert ei fåre for trafikktryggleiken. Det skaper også ofte vanskar for landbruksdrift. Det vert viktig å leggja tilrette fleire parkeringsplassar i planperioden. Etablering av nye plassar må også sjåast i samanheng med andre tiltak innan friluftsliv.

Oversyn over eksisterande og godkjende parkeringsplassar som kan nyttast til friluftsliv:

- Hagafjøra
- Skjelevika
- Peraneset
- Heihiller
- Hafskor
- Berland
- Vinnesleiro
- Gjøn
- Skåte

## **Andre stadar der det er trong for parkeringsplassar**

Ikkje-prioritert liste:

- Dalland
- Nedre Bolstad
- Kleppslia
- Dale
- Sævareid
- Mundheimsdalen
- Gjønvatnet
- Strandvik

## **9.8 Mål og tiltak**

### **9.8.1 Mål**

- Gje alle høve til å driva aktivt friluftsliv i

kvardagen

### **9.8.2 Tiltak**

- Leggja til rette turvegar, badeplassar og fiskeplassar for menneske med spesielle behov
- Setja av areal til friluftsliv i alle bygder i arealdel til kommuneplanen
- Vidareføra turmerkingsprosjekt slik at det i planperioden 2014-2021 blir opparbeidd 20 nærturstiar.
- Vidareføra turmerkingsprosjekt slik at turinformasjon er digitalt tilgjengeleg
- Utvikla temabasert informasjon til turstiar t.d. sogesti for postvegen Strandvik-Fusa
- Hjelpa til med finansiering og praktisk tilrettelegging av turstiar i heile kommunen
- Inngå forplikande avtalar med idrettslaga om tilrettelegging og vedlikehald av turstiar
- Oppdatera turkartet i planperioden
- Utvikla nye turkart for Fusa over mindre område i digital form
- Byggja to turvegar i planperioden. Val av trasé skal vurderast ut frå framlegg i komande arealdel til kommuneplanen. Turvegane skal vera universelt utforma, med ein standard som legg til rette for ferdsel med rullestol og barnevogn.
- Leggja tilrette minst to av friluftsområda for menneske med spesielle behov i planperioden
- Leggja tilrette minst 1 fiskeplass for funksjonshemma i planperioden
- Opparbeida parkeringsplassar ved utfartsområde for friluftsliv

### **9.8.3 Tiltak og økonomi**

Tiltak som utløyser spelemidlar skal meldast inn kvart år ved rullering av handlingsprogrammet til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Frist for å melda inn ny søknader er 15. oktober.

Tiltak som inneber kommunale investeringar må fremjast som tiltak i samband med det årlege budsjett- og økonomiplanarbeid.

## 10.0 IDRETT OG IDRETTSANLEGG

I fagterminologien rundt spelemidlar og idrettsanlegg skil ein mellom nærmiljøanlegg og ordinære idrettsanlegg.

### 10.1. Nærmiljøanlegg

Med nærmiljøanlegg meiner ein anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakeleg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Med nærmiljøanlegg meinast berre utandørs anlegg.

#### 10.1.1 Nærmiljøanlegg som satsingsområde

For å leggja til rette for eigenorganisert aktivitet er anlegg i nærmiljøet viktig. Dette kan vera anlegg som mindre turløyper, aktivitetsareal i friluftsområde, gapahuk, ballbingar, skateparkar, hinderløyper, sandvolleyball, basket, mindre tiltak innan friidrett og liknande. Ulike statistikkar syner til at store delar av befolkninga rører seg for lite og dermed ikkje flinke nok til å førebyggja overvekt og andre livsstilssjukdommar. Tilrettelegging av anlegg i nærleiken av der ein bur og på eksisterande friareal i sentrumsnære område kan og vera med å stimulera til auka aktivitet.

#### 10.1.2 Kven byggjer nærmiljøanlegg

##### Kommunen

I Fusa er nærmiljøanlegga særleg lokalisert ved skulane. Fusa kommune bygde opp slike anlegg på alle barneskulane i samband med 6-årsreforma på andre halvdel av 1990-talet. Fusa kommune har tilsyn med tryggleiken, men vedlikehaldet av desse anlegga er basert på dugnad frå foreldra og er organisert gjennom deira arbeidsutval (FAU).

##### Bygdelag

Det er bygd opp nærmiljøanlegg i fleire bygder som ikkje har eigen kommunal skule i nærmiljøet, t.d. Boga, Sævareid, Bergegrend og Vinnes. Desse anlegga er bygd opp i regi av lokale bygdelag og bygdeutval. Så langt har ballbingane dominert, men ein ser også døme andre typar anlegg; ball-løkker og skaterampe.

##### Idrettslag

Idrettslag har nytta nærmiljøordninga til å byggja opp nærmiljøelement i eit eksisterande idrettsanlegg med andre tilbod enn det som normalt inngår i eit konkurranseanlegg t.d. turhytte og skileik på Bygdastølen.

#### 10.1.3 Å vurdere behov for nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er eit naudsynt supplement til dei ordinære anlegga. Ikkje alle spelar fotball, men vil nytta seg av sykkelløypa, hinderløypa eller aktivitetsapparat som ligg opp mot anlegget. Ein ser og nytteverdien av å leggja tilrette turløyper med utgangspunkt i ulike skule- og idrettsanlegga. Dette er og med på å gjera det enklare for familiar i ein travel kvardag, då nokon kan vera med på organisert idrett eller opphalda seg i aktivitet på området, medan kanskje den vaksne vil gå seg ein tur. Ved å samla aktivitetane for organisert og uorganisert aktivitet, kan ein også påverka ungdommane til å vera aktive lengre i tenåra.



Viktige vurderingar ved bygging av nærmiljøanlegg:

- Ein må tilpassa anlegga til alderstrinna og vurdera bruken ved gymnastikktimar for nærmiljøanlegg knytt opp mot skular
- Vurdera behov for fleirbruk mellom dagaktivitet og fritid
- Vera seg bevisst kven som er målgruppa. Ulike aldersgrupper treng ulike utfordringar og anleggstypar
- Ta omsyn til trendar. Kva aktivitet ønskjer barna/ungdommane?
- Det er krav om lys på anlegga for å auka bruken. Planleggja plassering inn mot bygningar, større anlegg.
- Knyta turløyper opp mot idrettsanlegg og skular.
- Det vert tilrådd å byggja mest mogeleg vedlikehaldsfritt og nytte leverandørar med gode garantiordningar.
- Det er viktig å ha klare ansvarsliner for tilsyn og vedlikehald. Er det andre enn eigar som har dette ansvaret skal det liggja til grunn ein skriftleg avtale.
- Erfaring syner at Fusa får tilskot frå spelemidlane til 1-3 nærmiljøanlegg per år.

## 10.2 Idrettsanlegg

Idrettsanlegg i denne planen er forstått som konkurranseanlegg for organisert idrett, til forskjell for nærmiljøanlegg til uorganisert aktivitet. Dette er det som også vert kalla ordinære idrettsanlegg og som er dei klassiske idrettsanlegga som tippemidlane vart eit virkemiddel for å realisera.

### 10.2.1 Kven byggjer idrettsanlegg?

#### **Kommunen**

Fusa kommune har stått som utbyggjar for ei rekkje idrettsanlegg i Fusa. I hovudsak knytt til skuleanlegga

#### **Idrettslag**

Dei første idrettsanlegga i Fusa var truleg skytebanar. Det første anlegget som vart bygd med statlege spelemidlar var fotballbanen på Holdhus på 1950-talet i regi av Hålandsdal IL. Idrettslag og skyttarlag står som utbyggjarar av ei rekkje anlegg.

#### **Andre**

Framo aktiv er eit av dei største investeringane idrettsanlegg. Dette anlegget er bygd for Frank Mohn konsernet si rekning utan offentlege tilskot.

Andre som i dag som eigarar er stiftingar som Bygdastølen ski- og tursenter og aksjeselskap som Fusa ridehall AS. Felles for desse eigarformene er at dei er tilpassa Kulturdepartementet sitt regelverk der det er eit krav at det ikkje kan takast ut overskot og der idretten eller det offentlege skal ha kontrollrande mynde i styrande organ.

## **10.2.2 Å vurdere trong for ordinære idrettsanlegg**

### **Hallidrett**

I Fusa er det i dag organisert hallaktivitet i volleyball, karate og handball. Det er mogeleg å trene volleyball i eksisterande gymnastikksalar. Kampspel i dag vert samla opp på helgedagar med fleire lag og kampar same stad. For å få kampar til Fusa treng vi difor ein idrettshall med fleire banar.

Karatemiljøet har hatt Framo aktiv som base og vore leigetakarar. Dei ønskjer å byggja sin eigen treningshall på Fusa, men etterlyser samstundes ein fullskala idrettshall for å gjennomføra større treningssamlingar og konkurransar.

Eikelandsfjorden IL driv ei handballgruppe, men har i dag svært vanskelege vilkår. Det er to grupper med til saman 30 aktive. Dei nyttar gymnastikksal til trening. Pga av dårlege treningsforhold og manglande kamparena er det ikkje lag påmeldt i serie. Det er potensiale til større aktivitet om det kjem eit anlegg for handball.

### **Gymnastikksalar**

Fusa har 10 gymnastikksalar som er sentrale idrettsanlegg i nærmiljøa både for skular og barnehagar og for fritidsbruk. Dei er mykje i bruk og det er meldt inn trong for vedlikehald og rehabilitering i Strandvik og på Baldersheim. Det vert viktig at gymnastikksalane er i god stand og attraktive for aktivitet.

### **Hestesport**

Fusa har ein relativt stor aktivitet innan hestesport. Fusa ridehall i Strandvik har gjeve gode høve både trening, kursverksemd og stemner. Det er ikkje tema å byggja fleire ridehallar i kommunen. I Strandvik er det planar om å utvida eksisterande ridebane utandørs.

### **Skyttarsport**

Fusa har tidlegare hatt mange og desentraliserte skytebanar. Førre plan slo fast at ein skulle satsa på eit hovudanlegg på Holdhus og eit mindre anlegg i Strandvik. I dag er det også aktivitet på skytebanen til Sævareidfjorden skyttarlag og laget ønskjer å rusta opp anlegget. Fusa har relativt god anleggsdekning for skyttarsport utandørs. Dette er anlegg som det er krevjande å byggja både utifrå arealbehov og miljøomsyn. Utifrå aktivitet er det heller ikkje trong for fleire enn eitt fullskala konkurranseanlegg og eventuelt eit mindre treningsanlegg.

Det går fram av innspel frå Strandvik skyttarlag at laget vurderer å flytta bana i Vikelio til ny lokalitet med betre infrastruktur og der ein kan unngå konflikt med tursti/ friluftsliv slik ein har det i dag. Dette må ein freista å avklara i samband med rullering av arealdel til kommuneplanen.

I dag er det eitt mindre innandørsanlegg, bygd i Strandvik ridehall. Innandørs anlegg er lettare å plassera og vil spela ei viktig rolle i rekruttering. Det er ønskje om ein miniatyrskytebane også i Eikelandsosen/ Holdhus området. Skyttarsporten treng eit fullskala konkurranseanlegg innandørs sentralt i kommunen og ein vil rå til at dette vert samlokalisert med fleirbrukshall.

## **Skiidrett**

Fusa har svært gode treningstilhøve for langrenn med både sentralt plassert rulleskibane og vinterløyper i relativt snøsikkert område. Desse anlegga stettar behov både for breiddeaktivitet og meir spissa satsing som tilbodet på Fusa vgs og treningssamlingar for regionlag og landslag.

Snøproduksjonsanlegg er eit tiltak som kan gjera det mogeleg å få fleire bruksdøger med gode snøtilhøve. Det ligg best tilrette for dette på Holdhus. Her er også behovet størst.

Med desse anlegga kan det skipast til krets- og regionmeisterskap både på ski og rulleski. For større meisterskapar er det anna infrastruktur med overnattingskapasitet som vert største hemske. Det vil ikkje vera aktuelt å byggja fleire anlegg, men å utvikla dei to eksisterande anlegga i planperioden. Det er kome innspel om hoppbakke og ein vil rå til at slike planar vert teke med i utviklinga av eksisterande anlegg på Holdhus eller Bygdastølen.

## **Fotball**

Fotball har vore den idrettsgreina med flest aktive med aktive lag i alle deler av kommunen. Fusa kommune har i dag 1 krøllgrasbane, 2 grasbanar og 1 grusbane for 11-ar fotball. Fusa har god anleggsdekning, men det er eit generelt politikk frå fotballkretsen at ein ønskjer grusbane bygde om til krøllgrasbanar, dette gjeld både 11-arbanar og 7-arbanar.

Frå idrettslaga er det ønskje om 3 krøllgrasbanar; 11-ar i Eikelandsosen, 7-ar Holmefjord, 7-ar Strandvik. Ein har også liknande 7-ar banar på Holdhus og på Baldersheim med grusdekke. Ved slik omlegging må ein ta omsyn til om skuleplassane også tener som parkeringsareal. Krøllgrasbanar kan ikkje nyttast til parkering. Der det er utstrakt bruk av ballbane til parkering som i Strandvik, må det vera på plass alternativ parkering før det kan vera aktuelt å leggja om frå grus til krøllgras.

I planperioden fram til 2021 vil det også vera trong for rehabilitering av eksisterande banedekker, både grasbane i Eikelandsosen og kunstgrasbane på Fusa.

## **Friidrett**

Det er ikkje friidrettsaktivitet i idrettslaga. På Selvågen ligg det einaste anlegget med rundbane. Det bør stimulerast til meir friidrett i skuleverket. Anlegget på Selvågen kan ikkje stetta dette behovet. I staden bør ein satsa på eit delanlegg for friidrett ved idrettsanlegget i Eikelandsosen med sprintfelt, kastfelt, lengdegrop og joggeløype. Dette må vera ein integrert del av planane for utbygging av ein heilskapleg idrettspark.

## **Motorsport**

Det er ikkje organisert motorsportsaktivitet i Fusa. Fusa-ungdom er aktiv i klubbar utom kommunen. Det er ikkje aktuelt å vurdere lokalisering og planar for motorsportsanlegg i Fusa i planperioden. Anleggsbehovet må ein dekkja ved å reisa ut av kommunen.

## **Golf**

Det har kome innspel om **golfanlegg**. Vi har ikkje slike anlegg i dag, men mange fusingar er aktive i golfklubbar andre stader, særleg i Os. Fullskala konkurranseanlegg er dyre å bygga og dyre å drifta. Det som eventuelt kan vera aktuelt i Fusa er mindre nærmiljøanlegg eller kortholsbanar. Kulturdepartementet rår til at ein lagar kombiløysingar med skileikområde,

event. frisbee-golf.

## **Sjøsport**

Fusa har gode føresetnader for **sjøsport** med t.d. segling og dykking. Det er fleire gode småbåthamner, men det har ikkje vore organisert idrett knytt til desse. Ein kunne med enkle grep bygd opp ein aktivitet for segling retta mot barn og unge. Fusa har ein dykkarklubb og det er eit potensiale for auka aktivitet.

## **Orientering**

Det same kan ein seia om **orientering**. Her har det vore organisert aktivitet tidlegare. Karta som er laga tidlegare treng truleg å verta oppdaterte. Det hadde vore ønskjeleg med skulekart for nærmiljøa ved barneskulane og kart som kan nyttast på ungdomstrinn og i den vidaregåande skulen. Nærmiljøkart til bruk i skulen kan vera eit mogleg tiltak for å stimulera til meir fysisk aktivitet.

## **Skating**

Det er stadig nye trendar innan idretten. **Skating** er meir inn enn på lenge. Fusa har fått sitt første anlegg på Bogøy med eit mindre nærmiljøanlegg. Det er ønskje frå ungdom i Fusa om ein større skatepark ved skule- og idrettsanlegga i Eikelandsosen. Dette kan vera ein grei modell; med mindre anlegg i nærmiljøa og eit større anlegg liggjande sentralt i kommunen som mange ungdomar kan få glede av.

## **Sykkel**

Fusa har etter etableringa av Fusa sykkel fått eit veksande sykkelmiljø. Fusa har aktive som hevdar seg godt både regionalt og nasjonalt i landevegssykling. Det er ikkje aktuelt med eigne anlegg for sykling. Holdhus rulleskibane har vore nytta til reine sykkelkonkurransar. Sykling kan også inngå i kombinasjon med fjell-løp som i konkurransen Ottanosi Duathlon eller med skyting som ein variant av skiskyting. Det har kome framlegg om enkle sykkelløyper i terrenget ved skular og i nærmiljøa. Spinning er populært og slikt utstyr er disponibelt fleire stader. Framo aktiv har organisert trening.

## **Styrketrening**

Trening i apparatrom og treningsstudio er populært og elevar ved Fusa vidaregåande skule etterlyser eit slikt tilbod i Eikelandsosen frå si side. Fusa har i dag eit tilbod på Framo aktiv. Det er også laga til treningsrom i kulturbygg på Bogøy og i Sævareid. Det vil vera naturleg å ha eit større styrketreningsrom i ein framtidig fleirbrukshall.

## **Symjing**

Fusa har to symjehallar i drift og har eit godt tilbod. Det hadde vore ønskjeleg at idrettslaga drreiv større organisert aktivitet innan på dette feltet. Venjar IL har hatt ein aktivitet med symjeopplæring med god deltaking og tilskot frå folkehelsemidlar. Bassenget i Eikelandsosen med 16,5 m lengde er nyleg rehabilitert og ligg godt tilrette for eit idrettstilbod innan symjing. Det er dessutan kort reiseveg til 25 m basseng både i Os og Kvam.

## **Anna**

Ved spørjegransking har det kome fram at ungdom i Fusa ønskjer å driva med mange former

for fysisk aktivitet og idrettar som det i dag ikkje er tilbod om. Det vil vera begrensa kor mange idrettar det er grunnlag for å driva med i ein liten kommune som Fusa. Naturlege føresetnader spelar inn, tilgang på anlegg er ein avgjerande faktor, kompetente trenarar og leiarar og ikkje minst interesse og engasjement.

### **10.2.3 Regionanlegg**

Fusa har i dag ikkje regionanlegg for idrett og det ligg ikkje føre planar for dette. Fusa kommune har heller ikkje ein formalisert avtale om bygging og drift av regionanlegg i nabokommunane.

Det er likevel slik at anlegg i nabokommunane fungerer som regionanlegg for Fusa når det er snakk om anleggstypar vi ikkje har i eigen kommune t.d. alpinanlegg i Eikedalen eller 25 meters symjebasseng på Os. Bygdastølen ski- og tursenter har til ein viss grad same funksjon for deler av Kvam og Kvinnherad for langrenn og skiskyting.

### **10.2.4 Viktige vurderingar ved bygging av konkurranseanlegg:**

- Vurdera kven som er brukarane og kva som er optimal anleggsplassing for desse
- Vurdera om ein kan få til samlokalisering med andre idrettsanlegg
- Vurdera behov for fleirbruk mellom dagaktivitet og fritid
- Vera seg bevisst kva behovet på kort og lang sikt er når ein dimensjonerer og planlegg
- Ta omsyn til trendar. Kva aktivitet ynskjer borna/ungdommane?
- Vurdera ytre miljøfaktorar; klimatiske tilhøve, mogelege utslepp frå anlegg eller utslepp som følgje av auke i privatbilisme
- Vurdera trafikksituasjonen i område ved lokalisering av idrettsanlegg; med tilkomst, universell utforming, parkering og tilrettelegging for kollektive- og mjuke *trafikanter*.
- Sikra god driftsøkonomi gjennom gode tekniske løysingar og kvalitet
- Erfaring syner at Fusa får tilsegn om 1-2 nytt ordinært idrettsanlegg per år. Ved høgare aktivitet lokalt vil ventetida på positivt vedtak og utbetaling av spelemidlar auka.

### **10.2.5 Lokalisering av fleirbrukshall**

Fusa kommunestyre gjorde i november 2006 (k-sak 054/06) vedtak om å lokalisera ein framtidig fleirbrukshall til Leiro i Eikelandsosen. Det har vorte lufta alternative plasseringar både før og etter dette vedtaket. Skal ein gjera nytt vedtak om lokalisering er det mest ryddige å ta dette spørsmålet opp i samband med kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Lokalisering på Leiro vil gje sambruk med og leigeinntekter frå den vidaregåande skulen. Det

gjev også nærleik til andre sentrumsfunksjonar og god knyting til kollektivtilbodet. Tomten er lett å opparbeida, men må regulerast om. På minussida må ein ta med manglande samlokalisering med andre idrettsanlegg, avstand til ungdomsskulen, liten tomt som gjer det vanskeleg å byggja ut med fleire funksjonar/ tilbygg. Det er også eit spørsmål om det er rett å bruka attraktivt sentrumsareal til eit slikt føremål.

Det andre alternativet som vart vurdert i 2006 var ved idrettsplass og skuleanlegg i Eikelandsosen. Dette vil gje sambruk med ungdomsskulen, ein barneskule, ein barnehage og fleire idrettsanlegg; både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Samlokalisering av ulike idrettsanlegg i idrettsparkar, med både utandørs anlegg og innandørsanlegg, er vanleg andre stader og gode konsept for å skapa attraktive møteplassar og aktivitet. Aktivitet + aktivitet= meiraktivitet! Den gjennomførte rehabiliteringa av symjehall og føreståande oppgraderinga av fotballbanar og friidrettsanlegg er gode argument for å leggja også ein fleirbrukshall til same området.

Heilt problemfritt er ikkje dette alternativet heller. Ein må ta høgde for ein auke i biltrafikk i nærmiljøet og større trong for parkeringsareal. I tillegg til å plassera sjølve bygget, kan det bli ei utfordring og kostnader med å flytta kommunal veg. Det må utarbeidast ein god heilskapleg plan, les reguleringsplan, dersom ein går for dette alternativet. Kostnadane vil bli høgare her for å opparbeida byggeklar tomt og ein kan risikera å mista fylkeskommunen som leigetakar.

Ein framtidig hall bør liggja ved Eikelandsosen idrettsplass og med desse anleggselementa: handballbane (inkl basket, volley), klatrevegg, sosialt rom, to gardrobesett og styrketreningsrom.

Fordelen med denne plasseringa kontra Leiro er:

- Samlokalisering med andre idrettsanlegg, både private og kommunale
- Samlokalisering med ungdomsskule og ein barneskule
- Gangavstand for elevar ved Fusa vgs
- Gangavstand til andre sentrumsfunksjonar
- Godt med areal som alt er avsett til føremålet i gjeldande kommuneplan
- Ein unngår konflikt med andre utbyggingsføre mål slik ein får det på Leiro

Arbeid med ein situasjonsplan for utnyttinga av tilgjengeleg areal må starta opp samtidig som ny kommunedelplanplan er vedteken i mai 2014, slik at ein ikkje taper meir tid. Det må vera eit mål at hallen skal stå klar til bruk seinast innan 2 år (2016).

Det vert vald ei hurtigarbeidande hallnemnd med ordførar som leiar. Dei andre medlemene vert valde av idrettsrådet (2), Eikelandsfjorden idrettslag (1), Rådet for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne (1) og Fusa ungdomsråd (1).

Hallnemnda sitt mandat er å utarbeida endeleg romprogram, eigarform, driftsmodell m/driftsbudsjett og finansiering av bygg må avklarast parallelt med situasjonsplanen for området og leggast fram i ei sak for kommunestyret 16.10.2014

Avsette midlar til prosjekt fleirbrukshall kan nyttast til å utarbeida situasjonsplan for utvikling av området og til å leiga inn ekstern kompetanse til å kvalitetssikra planar for bygg og framtidig driftsmodell.

## **10.3 Mål og tiltak**

### **10.3.1 Mål**

- utvikla eksisterande nærmiljøanlegg til gode møte- og aktivitetsplassar i nærmiljøet
- Utvikla eksisterande gymnastikksalar og anlegg for ski/ skiskyting, hestesport, skytesport og fotball i planperioden slik at desse gjev eit variert fritidstilbod, er gode møteplassar og stimulerer til auka aktivitet.
- Byggja fleirbrukshall sentralt plassert i Eikelandsosen

### **10.3.2 Tiltak**

- Ha ei aktiv formidling av støtteordningar frå kulturkontoret si side
- Stimulera til aktivitet og utvikling av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i alle deler av kommunen
- Styrkja tilskotsordningane til investering i og drift av private idrettsanlegg
- Utarbeida reguleringsplan for fleirbrukshall og idrettspark ved skule- og idrettsanlegga i Eikelandsosen ( ved Luo)
- Byggja fleirbrukshall ved skule- og idrettsanlegga i Eikelandsosen.
- Etablera delanlegg for friidrett i Eikelandsosen
- Senda inn minst 1 ny søknad om spelemildar til konkurranseanlegg og 2-3 nærmiljøanlegg per år dei neste 4 åra. Gjeld både nye anlegg og anlegg med behov for rehabilitering.
- Syta for at det vert sett av areal til nærmiljøanlegg ved planlegging av sentrumsområde og nye buområde.
- Rehabiliterer alle uteområda ved offentlege skular og barnehagar i planperioden



### **10.3.3 Tiltak og økonomi**

Skal idrettslaga makta å byggja ut og utvikla dei private idrettsanlegga i kommunen er det avhengig av forutsigbare økonomiske rammer og at kommunale tilskot til drift og investering vert oppretthaldne omlag på dagens nivå.

Ein fleirbrukshall let seg ikkje realisera utan Fusa kommune som investor og ansvarleg for drifta. Ein er samstundes avhengig av eit tett samarbeid med og engasjement frå både lokalt næringsliv og idrettslaga for å landa dette prosjektet.

Tiltak som utløyer spelemidler skal meldast inn kvart år ved rullering av handlingsprogrammet til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Frist for å melda inn ny søknader er 15. oktober.

Tiltak som inneber kommunale investeringar må fremjast som tiltak i samband med det årlege budsjett- og økonomiplanarbeid.

## 11.0 VERKEMIDDEL I ANLEGGSPOLITIKKEN

Kapittelet omhandlar ulike verkemiddel som kan nyttast til å stimulera og styra utbygging av område og anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### 11.1 Planlegging

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er del av kommuneplanen og skal underordnast denne. Kommunedelplanen er tematisk og har ingen bindande arealdel. Til kommunedelplanen høyrer det eit handlingsprogram over anlegg som vert rullert årleg.

Fylkesdelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har kommunedelplanar som grunnlag samstundes som den legg føringar tilbake til kommunen.

Kommunen sin økonomi- og handlingsplan og dei årlege budsjetta styrer kommunen sine økonomiske tilskot til idretts- og friluftstiltak.

### 11.2 Sikring av areal

Kommuneplanens arealdel:

Arealdelen består av kart og retningslinjer som styrer arealbruken i kommunen, her under kor nye idrettsanlegg og liknande kan etablerast. Gjennom arealdelen kan ein få løyst arealkonfliktar og sikra område for friluftsliv og idrett. Kommuneplan med arealdel skal vurderast kvart 4. år og i planprosessen får folk i Fusa høve til å koma med nye innspel.

Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan er ein detaljplan med tilhøyrande føresegner som regulerer utnytting og vern av grunn, vassdrag m.m. Godkjend reguleringsplan gjev i motsetnad til kommunedelplanen heimel for naudsynt grunnerv. Så godt som all utbygging i tettstader skjer etter stadfesta reguleringsplan. Her skal alle friluftsområde, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg inngå, enten dei er eksisterande eller planlagt.

### 11.3 Økonomiske verkemiddel

Over dei offentlege budsjetta vert det avsett midlar til planlegging, sikring og tilrettelegging av friluftsområde og midlar til informasjon og andre aktivitetsfremjande tiltak. Kostnadene ved utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv vert dekkja ved hjelp av følgjande finansieringskjelder:

- Statlege tilskot som spelemidlar, naturforvaltningsmidlar til friluftsliv- vilt og fiske, tilskot over jordbruksavtalen til spesielle tiltak i kulturlandskapet(SMIL midlar).
- Kommunale tilskot til private investeringar og kommunale investeringar.
- Eigenkapital for private utbyggjarar inkludert dugnad, gåver m.m.
- Støtte frå private, fond og ulike stiftingar.
- Søknad om momskompensasjon på spelemiddelgodkjende anlegg (gjeld ikkje fylke og kommune).

•

### **11.3.1 Spelemidler**

#### **Ordinære spelemidler**

Dei økonomiske føresetnadene for anleggspolitikk er knytt opp mot spelemidler då desse midlane har vore avgjerande for utbygging av dei fleste idretts- og friluftsanlegg.

Spelemidler til anlegg er heimla ved lov om pengespel og deler av overskotet frå Norsk Tipping A/S vert avsett til idrettsføremål. Fylkeskommunen har ansvar for fordeling av spelemidler. Kommunen si prioritering av tiltaka i handlingsprogrammet er ein viktig styringsreiskap i denne fordelinga.

Det kan søkjast om midlar til bygging av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for område for friluftsliv som er open for allmenn aktivitet, samt utviding, ombygging og rehabilitering av eksisterande anlegg. Retningsliner for tildeling og tidsfristar til fylke og departement finn ein i «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet», som kjem kvart år i fornya utgåve.

Søklar av spelemidler til anlegg kan vera idrettslag, velforeining, kommune, fylkeskommune og andre samanslutningar med godkjende vedtekter som ikkje har kommersielt føremål. Ein føresetnad for å søkja er at anlegget står i handlingsprogrammet, kommunedelplanen sin kortsiktige del. Større anlegg som t.d. ulike hallar må førehandsgodkjennast av Kulturdepartementet før ein startar arbeidet med bygging og søker om midlar. Dei fleste anlegg kan førehandsgodkjennast av kommunen.

Førehandsgodkjenning må føreliggja før byggjearbeidet vert sett i gang. Planar kan sendast til godkjenning heile året. Ved søknad skal godkjende teikningar/planar og kostnadsoverslag følgja søknaden. Søknadsfrist til kommunen: 15. oktober kvart år. Søknadsskjema om spelemidler finn ein på [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no). Søknaden vert å senda elektronisk til postmottaket i kommunen. For å kunna senda søknad om spelemidler treng ein eit anleggsnummer. Anleggsnummer kan ein få ved å venda seg til kulturkontoret i kommunen.

Kulturkontoret kan hjelpe til i søknadsprosessar og ved andre spørsmål gjennom heile året.

#### **Nærmiljøanlegg**

Med nærmiljøanlegg meiner ein anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakeleg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Med nærmiljøanlegg meiner ein utandørs anlegg.

Tilskot for desse anlegga er i dag inntil 50 % av godkjend kostnad, avgrensa oppover til kr 600 000,-. Nedre grense er kr 50.000,-. Reglar for førehandsgodkjenning er dei same som for ordinære midlar.

Ordninga med forenkla nærmiljøanlegg går ut frå 2014. Nedre kostnadsgrense for tilskot frå nærmiljøanlegg er redusert til kr 50.000,- slik at denne ordninga vil femna om fleire små anlegg. Ei ulempe vil nok vera at alle anlegga må meldast inn i handlingsprogrammet, og det krev litt meir planlegging og papirarbeid.

### **11.3.2 Naturforvaltningsmidlar**

Naturforvaltningsmidlar delast ut av Miljødirektoratet. Det kan søkjast om tilskot til friluftsliv, vilt- og fiskeforvaltning. Vilt og fiskefonda er bygde opp av inntekt frå jeger- og

fisketrygdavgift. Naturforvaltningsmidlar kan nyttast til sikring av areal til friluftsliv, planlegging, informasjon og stimuleringsiltak for å auka interessa rundt friluftsliv. Informasjon om ordninga får ein gjennom Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen er søknadsmottakar.

### **11.3.3 Kommunal finansiering**

Tilskot, investeringsmidlar, kommunale garantiar, midlar til drift og vedlikehald (sjå kap. 12).

### **11.3.4 Eigenkapital, dugnad og gåver**

Dugnadsarbeid er kanskje den viktigaste kjelda til eigenkapitalen ved etablering av nye anlegg. I Fusa vert dei fleste anlegga bygde og drivne av laga sjølve, og den innsatsen som vert lagt ned er stor. Det vanlege i dag er at ein ved nybygg hentar inn pristilbod også på arbeid som skal gjerast på dugnad. Verdien vert då pristilbod, eller kalkulert arbeidspris, eks moms.

Gåver inngår også i eigenkapital. Ein kan budsjettera både med kontante gåver og verdi av fysiske gåver som t.d. materiell. Ei anna viktig finansieringskjelde er rabattar. Rabattane skal då gå fram både av pristilbod og seinare faktura/rekneskap. For alle typar gåver skal det skrivast ut eit gåvebrev som skal følgja søknad.

### **11.3.5 Fondsmidlar/midlar frå ulike stiftingar**

Næringslivet og ulike organisasjonar engasjerer seg gjennom fond og stiftingar, som er store økonomisk bidragsytarar til lag og organisasjonar ved etablering av anlegg.

Ei oversikt syner at næringslivet bidreg med like mykje som kulturdepartementet deler ut av midlar til idrett og kultur. I tillegg kjem ulike stipend, legat og stiftingar med store summar som både enkeltpersonar, lag og organisasjonar kan søkja på i kulturfeltet.

Næringslivet i Fusa har bidrege med store summar til bygging av idrettsanlegg både i form av tilskot og forskotteringar av spelemidlar og kommunale tilskot. Tilskot frå private skal alltid dokumenterast i samband med søknad og ein kan nytta standard gåvebrev til dette.

### **11.3.6 Momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg**

Momskompensasjon gjeld idrettsanlegg der byggjearbeidet er starta opp etter 1. januar 2010. Den omfattar alle som følgjer vilkår for å motta spelemidlar gjennom Kulturdepartementets tilskotsordningar for bygging av idrettsanlegg, med unntak av kommunar/fylkeskommunar og kommunale føretak.

Det kan søkjast om kompensasjon av meirverdiavgift knytt til anleggselement som har rett til tilskot frå spelemidlane. Det er ikkje eit krav at det er tildelt spelemidlar for å kunne søkja om kompensasjon av meirverdiavgift, men det må føreliggja ein godkjend spelemiddelsøknad for anlegget. I tillegg må det føreliggja ein ferdigattest på anlegget med rekneskap godkjend av kommunen sin revisjon.

Stortinget vedtek kvart år ei ny ramme for denne kompensasjonsordninga. Om ikkje ramma dekkjer 100 % momskompensasjon på godkjende anlegg vert det gjort ei prosentvis tildeling ut frå den totale ramma til godkjende anlegg. Dette inneber at lag og organisasjonar ikkje kan budsjettera med tilbakeføring av moms i ein spelemiddelsøknad når ein ikkje veit tal for prosentvis tilbakebetaling. Idrettslag kan risikera å få ein refusjon på 50-60% av momskostnadane og slik få moms som ein vesentleg utgiftspost.

Ordninga vert då eit meir indirekte verkemiddel for anleggsplanlegging/utbygging og tilbakebetaling i etterkant vert eit pluss for dagleg drift i klubben/laget. Søknadsfrist er frå 2013 15. mai.

#### 11.4 Juridiske verkemiddel

Det føreligg ei rekkje lover som kan koma til bruk i anleggsplanlegging for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

- **Friluftslova** lovfestar allemannsretten til opphald og ferdsel i utmark, uavhengig av eigedomsretten.
- **Plan og bygningslova** (Pbl) har som hovudformål å leggja til rette for samordning av statlege, fylkeskommunale og kommunale føretak og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og utbygging.
- **Naturvernlova** slår fast at naturen er ein nasjonalverdi som må vernast.

Tilrettelegging for friluftsliv vert som nemnt sett på som eit av dei viktigaste "lågterskeltilboda" for å fremja fysisk aktivitet. Folk kan vera fysisk aktive i naturen når dei vil, heilt gratis. Noko tilrettelegging kan vera naudsynt. Det skal ofte enkle, og lite kostnadskrevjande tiltak til, for å gjera det litt enklare for store delar av befolkninga å nytta naturen til rekreasjon og fysisk aktivitet. Det er altså svært mykje folkehelse å henta på å leggja til rette for fysisk aktivitet i både strandsone og utmark i kommunen.

## **12.0 FUSA KOMMUNE OG DEN ORGANISERTE IDRETTE**

### **12.1 Utfordringar**

Det har vore ei relativt stor anleggsutbygging i Fusa siste 10 åra. Fusa kommune har i same periode hatt ein vanskeleg kommuneøkonomi.

Det har ført til vanskar med å følgja opp intensjonsvedtak om medfinansiering av private anlegg og lange ventelister for utbetaling av tilskot. Det har også vore vanskeleg å finna finansiering for driftstilskot for nye private idrettsanlegg.

Ikkje minst har det vore vanskeleg for kommunen å realisera bygging av idrettsanlegg i kommunal regi, t.d. fleirbrukshall.

I ein slik pressa situasjon er det viktig at ein får til eit godt, ryddig og konstruktivt samarbeid mellom den frivillig organiserte aktiviteten innan idrett og friluftsliv.

### **12.2 Kommunale tilskot og garantiar til private investeringar**

#### **Tilskot**

I førre kommunedelplan vart det vedteke at Fusa kommune skulle yta inntil 1/3 i tilskot til private investeringar idrettsanlegg. Etter at budsjettmidlane til slike tilskot vart auka frå kr 150.000,- til kr 300.000,- vart ventetida på utbetalingar halvert. I 2013 er det 5 anlegg som ventar på utbetaling på til saman kr 3,3 mill og ventetid på 11 år for siste anlegget på lista. Lista vert rullert i samband med årleg politisk handsaming av handlingsprogrammet. Det er ein føresetnad at det ligg føre ein søknad om spelemidlar og endeleg utbetaling baserer seg på revisorgodkjend samla kostnad.

Kjem det nye store private investeringar vil ventetida auka. Utbyggjar treng då mellomfinansiering/ forskottering. Sjølv om det er ventetid på utbetalingar er dette ei viktig finansieringskjelde for private anleggsutbyggjarar. Det er langt frå alle kommunar som har slike tilskotsordningar. Det er ikkje noko vilkår for t.d. spelemidlane at kommunen yt tilskot.

Det bør presiserast om ordninga berre skal gjelda ordinære anlegg, eller om den også skal gjelda nærmiljøanlegg og i så fall, om fordelingsnøkkelen då skal vera ein annan t.d. 1/4.

#### **Garanti**

Når samla tilskot frå spelemidlane til eit privat anlegg er over 3 mill til m.a. ulike typar hallar, må kommunen garantera for tilskota frå staten. Vert det bygd ein idrettshall i privat regi må Fusa kommune garantera for drift i 20 år som ein sjølvskuldnargaranti. Ved misleghald vil kommunen plikta å betala tilbake spelemidlane til staten, eventuelt sikra vidare drift.

Idrettslaga og andre utbyggjarar plikter i utgangspunktet å halda eit idrettsanlegg i drift i 30 år (nærmiljøanlegg i 20 år) ved nybygg eller rehabilitering, når desse har motteke spelemidlar. Ved misleghald vil staten krevja spelemidlane tilbake frå eigar og driva desse inn. Sjølv om kommunen formelt ikkje garanterer i desse sakene vil det i praksis fungera slik, for å sikra tilbodet i nærmiljøet og dei investeringar som er gjort av nærmiljøet.

### 12.3. Tilskot til drift av private anlegg

I førre kommunedelplan vart det vedteke slike satsar for kommunale tilskot til drift av private anlegg:

Anleggstype	Dimensjon	Tilskotssatsar
Fotballbane 7-ar	Grus 40 x 60 meter	10.000 kr
Fotballbane 11-ar	Gras 60 x 100 meter	25.000 kr
Fotballbane 11-ar	Grus 60 x 100 meter	15.000 kr
Lysløype		10.000 kr
Skyteanlegg	Stort	10.000 kr
Skyteanlegg	Mindre	5.000 kr
Lagshytte		5.000 kr

Fusa kommune yt i dag tilskot til desse anlegga:

Anleggsstad	Anleggstype	Anleggseigar	Tilskot
Bygdastølen ski- og tursenter	Skiløyper Skytebane Idrettsbygg	Stiftinga Bygdastølen ski-og tursenter	50.000
Eikelandsfjorden idrettsplass	Grusbane Grasbane	Eikelandsfjorden idrettslag	50.000
Fusafjellet	Lagshytte	Strandvik	5.000
Fusa idrettsplass	Krøllgrasbane	IL Venjar	15.000
Holdhus skytebane	Skytebanar Skyttarhus	Hålandsdal/ Eikelandsfjorden skyttarlag/ Fusa jakt og fiskelag	10.000
Selvågen idrettsplass	Grasbane Idrettsbygg	Søre Fusa idrettslag	35.000
Strandvik idrettsplass	Grusbane	Strandvik	10.000,-
Strandvik skytebane	Skytebanar	Strandvik skyttarlag	5.000
<b>Tilskot til saman</b>			<b>180.000,-</b>

Bygdastølen ski- og tursenter er einaste anlegget som har kome til i planperioden. Lysløype på Holdhus har gått ut av lista. Dette anlegget er i dag Fusa kommune sin eigedom. Hålandsdal IL driftar anlegget utan tilskot frå kommunen, men Fusa kommune dekkjer kostnader med leige av privat grunn på kr 27.675,-(2013).

Det har kome til nye anlegg i perioden som i dag ikkje får tilskot og anlegg som er bygd om til anleggstypar som ikkje det er laga satsar for, t.d. krøllgrasbane og ridehall. Tabellen for satsar må difor reviderast.

Det må liggja visse kriteria til grunn for ordninga. Fusa kommune skal yta driftstilskot til:

- Drift av ordinære idrettsanlegg
- Anleggseigarar som har inngått ein forpliktande avtale med Fusa kommune

Ein har henta inn rekneskapstal frå drift av anlegga og vil basera nytt regulativ for tilskot på dette grunnlaget og skjønn.

#### **12.4 Kommunale investeringar i idrettsanlegg**

Fusa kommune er utgangspunktet den største eigaren av idrettsanlegg i Fusa. Budsjetta til vedlikehald veks ikkje i takt med anleggsutviklinga, og det vert ei utfordring å halda anlegg ved like. Det har difor vore ei god løysing at idrettslag har teke over driftinga av kommunale idrettsanlegg mot ei motyting, driftstilskot. Ein vil rå til at denne modellen med langsiktige avtalar vert vidareført og at nye anlegg kan koma til, t.d. Nore Fusa ballplass. Med langsiktige leigeavtalar kan lokale idrettslag stå som utbyggjar av t.d. omlegging frå grus til krøllgras på kommunal grunn.

Det er viktig med ryddige linjer i slike samarbeid og ein vil rå til at Fusa kommune står som tiltakshavar og utbyggjar der det er tale om typiske kommunale oppgåver, t.d. utstyr til uteområde eller faste installasjonar inne i ein gymsal på ein skule. Kreative løysingar fører gjerne til uklære ansvarstilhøve i ettertid. Handlingsprogrammet og kap 8 om Fysisk aktivitet og folkehelse syner at det er stor trong for kommunale investeringar i idrettsanlegg i åra som kjem. Dette gjeld både eit stort løft med ein framtidig fleirbrukshall, men også ei naudsynt oppgradering av uteområde og aktivitetsareal ved grunneskulane, Fusa vidaregåande skule og barnehagane.

Det er eit klart råd frå både fylkeskommune og departement at kommunar bør stå som utbyggjarar og eigarar av store anlegg som fleirbrukshallar og symjehallar. Fusa har ikkje store og sterke idrettslag som kan ta på seg slike krevjande utbyggingsoppgåver. Med kommunen i eigarsetet vil ein få full utteljing på momsrefusjonar og ein kan få til stabil og langsiktig drift. Kommunane må uansett garantera for drift og svara for utbetalte tilskot om anlegg vert lagt ned før garantitida er ute.

Det må også gjerast vurderingar om det er føremålstenleg å byggja anlegg i kommunal regi i staden for i lagsregi der det ligg tilrette for det t.d. ved skuleanlegg. Ved å finansiera det kommunale bidraget over det kommunale investeringsbudsjettet vil ein minka presset på tilskotsordninga for investering i private idrettsanlegg. Kommunal utbygging sikrar også full momsrefusjon. Ulempa for Fusa kommune vil vera at kommunen med ei slik løysing får ein ekstra kostnad med renteutgifter på eventuelle lånefinansierte investeringar.

#### **12.5 Modellar for drift av idrettsanlegg**

Det er ulike måtar å organisera eigarskap og drift på. I Hordaland er det minst tre modellar: **Askøymodellen**

Hovudtrekka i Askøymodellen er etableringa av eit kommunalt føretak som har ansvar for drift og vedlikehald av alle anlegga. Modellen vert finansiert både ved tilskot frå kommunen og ved at idrettslaga betalar for bruk av anlegga. Dette kan vera ein aktuell modell for drift av den kommunale symjehallen og/ eller ein framtidig fleirbrukshall i Fusa, men vil truleg vera lite aktuell for dei andre anlegga.



## **Bergensmodellen**

I Bergen er det slik at nær alle idrettsanlegga er eigd, drifta og vedlikehaldne av kommunen. Forskjellen til Askøymodellen vil i stor grad vera at administrasjonen av idretten vil vera ein del av den kommunale drifta. Vidare er bruk av anlegga gratis for barn og unge. Dersom Fusa kommune skulle eiga og drifta alle idrettsanlegga i kommunen, vil dei økonomiske utfordringane bli så store at modellen ikkje vert økonomisk berekraftig.

## **”Fusamodellen”**

Dei kommunale idrettsanlegga utandørs er stort sett drivne av idrettslaga. Denne modellen for ansvarsdeling med idrettslaga ser ut til å fungera svært bra. Idrettslaga betalar ikkje leige, men yt til gjengjeld tilsyn og vedlikehald på uteanlegga. Der det er skule attmed får skulen full råderett eller brukstid på dagtid og Fusa kommune betaler idrettslaget eit tilskot til drifta. Dette gjev ei god kombinasjonsløyising, og syner eit samspel mellom kommune og idrettslag som vi bør byggja vidare på. Modellen gjev kommunen god kostnadskontroll og eit kvalitativt godt resultat for idrettsanlegga. Uteanlegga kan idrettslaget vedlikehalda gjennom dugnad og/eller betalt dugnad. Det gjev billege og gode løysingar.

## **12.6 Utvikling og innføring av Fusa-modellen**

I samband med utarbeiding av den nye kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet 2014/2021 ønskjer Fusa kommune å få på plass ein passande organisasjonsmodell knytt til idrettsanlegg. Fusa kommune vil i samarbeid med idretten i praksis oppdatera og vidareføra den modellen Fusa i hovudsak har i dag, det vi kan kalla Fusa-modellen.

Dei anlegga kommunen eig vil vera gratis for idrettslaga å leiga. Ute- og inneanlegg eigd av kommunen skal vera tilgjengelege og gratis for alle lag. Det kan vera naudsynt med tildeling av treningstid ved kommunale ute- og inneanlegg. Slik tildeling skal skje i samråd med idrettsrådet.

Større idrettsbygg eigd av kommunen, t.d. ein framtidig fleirbrukshall, skal ha ein tilsynsavtale mellom kommunen og idrettslag. Det er naturleg at ein slik avtale vert gjort med det idrettslaget som nyttar anlegget mest. Dersom lag skal dela ansvaret bør dei ha ansvar for kvar sine dagar. På grunn av byggtekniske krav og omsyn til tryggleik bør kommunen ha ansvar for vedlikehaldet i kommunale idrettsbygg.

Vedlikehald på uteanlegg stiller ikkje same byggtekniske krav. Idrettslaga kan difor gjera dette arbeidet på dugnad. Fusamodellen inneber at idrettslaga får vedlikehaldsansvar for uteanlegg mot betaling frå kommunen. Per i dag er dette basert på ein fast sum i året til det ansvarlege idrettslaget.

Størstedelen av idrettsanlegga som er bygd ved kommunale skular og oppvekstanlegg er aktuelle inn i Fusa-modellen. Det vert opna for at ein kan finna andre modellar når det er føremålstenleg. Samarbeidet mellom kommune og idrettslag blir regulert i eigne avtalar. For at idrettslaga skal kunna stå som søkjarar om statlege spelemidlar til anlegga må avtalane vera på minst 30 år. Tilskota som idrettslaga får for driftsoppgåvene ved kommunale anlegg vert regulert gjennom satsar i kommunedelplanen og politiske vedtak knytt opp mot årsbudsjett.

## 12.7 Frivillig arbeid og idrett

Som i resten av landet er den organiserte idretten godt rotfesta i Fusa. Det frivillige er eit særleg kjenneteikn og føresetnad for den organiserte idretten. Arbeidet som vert lagt ned i den frivillige idretten er ein viktig samfunnsressurs og møteplass; det bidreg til å skapa gode oppvekstmiljø, fremjar trivsel og helse. Så å seia alt arbeid i innan idrett og friluftsliv i Fusa er basert på frivillig arbeid.

Tal frå Hordaland idrettskrets viser at idrettslaga i Fusa utfører frivillig arbeid tilsvarande om lag 15-20 årsverk. Set ein prisen for eit årsverk til kr 400 000,- utgjer dette arbeid for drygt [78 mill. kr](#) i året. Det frivillige arbeidet representerer med andre ord ein stor samfunnsinnsats, tillegg til dei mange positive ringverknadane for nærmiljøa, folkehelsa, trivsel og idrettsglede for den einskilde.

Frivillig sektor, som idretten representerar, er under sterkt press. Relativt få eldsjeler står bak det meste av dugnadsinnsatsen, og det er vanskeleg å rekruttera nye. I følgje Hordaland idrettskrets er den nasjonale trenden at talet på årsverk knytt til frivillig innsats i idrettslaga er stabilt, medan det er færre som deltek.

Ein ser at det nasjonalt har vore ei auka profesjonalisering i idretten. Med relativt små idrettslag er det lite truleg at ein får ei utvikling med lønna trenarar og leiarar i noko stort omfang. Fusa idrettsråd og kommunen må elles leggja til rette for, og motivera til, vidare frivillig innsats. Frivillig arbeid er ei føresetnad for den organiserte idretten i ein kommune som Fusa.

Skal ein realisera store nye idrettsbygg som t.d. ein fleirbrukshall må ein basera dei tyngste driftsoppgåvene med vedlikehald, reinhald og dagleg drift på løna arbeidsinnsats. Ein vil elles utarma den frivillige idrettsaktiviteten som skal fylla anlegget.

## 12.8 Idrettsrådet i Fusa

### Funksjon

Idrettsrådet i Fusa er eit organisasjonsledd i Norges idrettsforbund. Idrettsrådet arbeider for ei heilskapleg utvikling av idretten i kommunen og fungerer som eit bindeledd mellom idrettslag, kommunen og idrettskretsen. Idrettsrådet er idretten sitt høgaste organ i kommunen, og har i oppgåve å vera eit samordningsutval for idrettslaga, bidra til kommunalt planarbeid for området, synleggjera idretten si rolle og verdi i Fusa-samfunnet og prioritera/fordela midlar til anlegg og aktivitet.

### Idrettskretsen/årsmøte

Idrettskretsen er idrettsrådet sitt næraste overordna organisasjonsledd med ansvar for at det er operative idrettsråd i alle kommunar med meir enn tre idrettslag. Idrettsrådet i Fusa har årsmøte kvart år der utsendingar frå idrettslaga vel representantar inn i styret. Representant frå kommunen møter fast i idrettsrådet som observatør.

## **LAM-midler**

Kvart år mottar Fusa idrettsråd statlege aktivitetsmidlar (LAM) gjennom Noregs idrettsforbund. Kor stor denne potten er varierer frå år til år og er avhengig av folketalet i målgruppa 6-19 år, men i 2013 var den på kr 147.648,- til fordeling på idrettslaga i Fusa.

## **Treningstider**

Idrettsråda har i mange kommunar oppgåva med å fordela treningstid. Dette har ikkje vorte praktisert for dei kommunale bygga i Fusa. Idrettsrådet har frå 2013 fått ei rolle ved tildeling av treningstid i gymsal på Fusa vidaregåande skule. Det kan bli aktuelt med ei liknande ordning i samband med ein framtidig fleirbrukshall.

## **Samarbeid med kommunen**

Idrettsrådet og administrasjonen har i dag eit godt samarbeid og grei dialog, men ein kan alltid verta betre på enkelte område. Idrettsrådet har m.a. ønskt å få ein idretts time i starten på eit kommunestyremøte for å få informert dei folkevalde om kva idretten i Fusa står for. Eit anna døme på dialog er idrettsrådet sin plass i sakshandsaminga av idrettssaker. Fusa kan vera meir konsekvent med å senda idrettssaker til uttale i idrettsrådet før administrative eller politiske vedtak vert fatta. Det er ikkje utarbeida ein eigen samarbeidsavtale, slik mange andre kommunar har gjort. Ein slik avtale kan vera nyttig for å få til endå betre samhandling.

## **Driftstilskot**

Fusa kommune yt i dag eit driftstilskot på kr 5.000,- per år.

## **12.9 Mål og tiltak**

### **12.9.1 Mål**

- Styrkja samarbeidet med frivillig sektor for å fremja idrett, friluftsliv og fysisk

### **aktivitet 12.9.2 Tiltak**

- Fusa kommune vil vidareføra Fusa-modellen for drifting av private idrettsanlegg og inngå forpliktande avtalar for drift og bruk av private idrettsanlegg og kommunale anlegg der idrettslaga har overteke råderetten
- Ordninga med gratis bruk av skulelokale til trening og aktivitet vert vidareført
- Om mogeleg styrka tilskotsordningane til investering i og drift av private idrettsanlegg
- Fusa kommune skal ta ansvaret for å byggja, eiga og drifta ein framtidig fleirbrukshall i Fusa, i nært samarbeid med frivillig sektor
- Fusa kommune skal ha eit tett og godt samarbeid med idrettsrådet og om ønskjeleg inngå ein samarbeidsavtale
- Fusa kommune skal yta tilskot på inntil 1/3 av godkjend kostnad til bygging av ordinære idrettsanlegg som er godkjend for spelemidlar

- Fusa kommune vil i denne planen vedta nye satsar for tilskot til drift av idrettsanlegg:

Anleggstype	Dimensjon	Tilskotssats	Anlegg 2014 m full sats	Anlegg 2014 m. red sats
Fotballbane 7-ar m. lys	Grus 40 x 60	10.000 kr	10.000	7.000
Fotballbane 7-ar m lys	Krøllgras 40 x 60	15.000 kr		
Fotballbane 11-ar m lys	Gras 60 x 100	30.000 kr	30.000	22.000
Fotballbane 11-ar u lys	Gras 60 x 100	25.000 kr	25.000	18.000
Fotballbane 11-ar m lys	Grus 60 x 100	15.000 kr	15.000	12.000
Fotballbane 11-ar m lys	Krøllgras 60 x 100	35.000 kr	35.000	24.000
Friidrettsanlegg	Rundbane	10.000 kr	10.000	7.000
Lysløype	3 km	10.000 kr		
Ridehall		30.000 kr	30.000	22.000
Ski- og skiskyttaranlegg	Bygdastølen	50.000 kr	50.000	50.000
Skyteanlegg	Stort	10.000 kr	10.000	7.000
Skyteanlegg	Mindre	5.000 kr	5.000	4.000
Skytehall	Med 6 skyteskiver	10.000 kr	10.000	7.000
			230.000	180.000

### 12.9.3 Tiltak og økonomi

Det er meldt inn store behov for bygging av idrettsanlegg i planperioden. I dag er ventetida for utbetaling av kommunale tilskot ca 10 år, medan ventetida på statlege spelemidlar er 3-5 år. Med mange nye tiltak vil denne ventetida auka vesentleg. Berre for dei første 4 åra er det meldt inn behov for kommunal medfinansiering på omlag 6 mill kroner. Plussar ein på det som alt ventar på utbetaling vil det ta 30 år å kvitta seg med køen med eit budsjett på kr 300.000,- per år. Det vil m.a.o. vera stor trong for mellomfinansiering i åra som kjem. Næringslivet i Fusa har hjelpt til med rentefri forskottering, utan slik dra hjelp kan kostnadane auka og det kan bli vanskelegare å få realisert prosjekta.

Inntil vidare vert det for nye søknader innført eit maksimalt kommunalt tilskot til private idrettsanlegg på 1 million kroner per søknad. Tilskot utover dette må vurderast særskild og fremjast som eiga politisk sak.

Det må også gjerast vurderingar om det er føremålstenleg å byggja anlegg i kommunal regi i staden for i lagsregi, der det ligg tilrette for det t.d. ved skuleanlegg. Ved å finansiera det kommunale bidraget over det kommunale investeringsbudsjettet vil ein minka presset på den før nemnde ordninga for private anlegg. Ulempa for Fusa kommune vil vera at kommunen får ein ekstra kostnad med renteutgifter på eventuelle lånefinansierte investeringar.

Nye satsar for tilskot til drift av private idrettsanlegg gjer at det kan verta større kostnader for Fusa kommune. Med eksisterande anleggsmasse vil utgiftene auka med ca 50.000 kroner. Med knappe kommunale budsjett vert det ei utfordring å finna dekning for dette. Det er tre alternativ:

1. Ramma for tilskot til investering i nye anlegg vert redusert frå kr 300.000,- til kr 250.000,-per år
2. Kulturbudsjettet vert tilført kr 50.000,- i friske midlar i budsjettet for 2014.
3. Satsane for tilskot vert reduserte slik at ein gjev tilskot til fleire anlegg innanfor dei budsjetterte midlane.

Alternativ 1 vil føra til at ventetida på utbetaling av kommunale investeringstilskot vert endå lengre. Samstundes ligg det i dette ei prioritering av drift og vedlikehald av dei eksisterande anlegga på kostnad av nye tiltak. Alternativ 2 krev eit kommunestyrevedtak der budsjettramma vert auka. Alternativ 3 vil gje reduserte tilskot til etablerte anlegg og nye tilskot anlegg som før ikkje var inne på ordninga.

## **13.0 ANLEGGsutvikling 2014-2025**

For perioden 2014 til 2025 skal det utarbeidast eit handlingsprogram (2014-2017) og eit langtidsprogram (2014-2025) for anleggsutvikling i Fusa. Desse skal nyttast som grunnlag for å vurdere anleggsutviklinga i Hordaland både lokalt og regionalt.

### **13.1 PRIORITERINGAR I ANLEGGSPOLITIKKEN**

#### **13.1.1 Kva skal ha prioritet?**

Når det gjeld dei statlege spelemidlane har det i praksis vore slik at alle som har søkt har fått tilskot. Køen har i stor grad vore styrt etter "først til mølla-prinsippet". Det er likevel ikkje slik at søkjaren har ein rett til tilskot sjølv om søknaden er teknisk i orden. Frå Hordaland fylkeskommune har det i seinare år blitt presisert at det i framtida vil bli gjort prioriteringar og alle kan ikkje rekna med å få tilskot. Ingen er i lengda tent med overetablering av nye idrettsanlegg og overkapasitet.

#### **13.1.2 Anleggsdekning**

Fusa kommune har ein god anleggsdekning når ein ser korleis anlegga er fordelt kringom i kommunen, sjå vedlegg 2. Dei fleste anlegga ligg i dei områda med flest innbyggjarar: Fusa halvøya og Eikelandsosen/Holdhus, men anlegga er elles godt fordelte. Vi har også god dekning av viktige aktivitetsanlegg som fotballbanar, gymsalar, skianlegg, symjehallar og skytebanar. Fokuset frametter vert på rehabilitering og utvikling av eksisterande anlegg slik at desse er i god teknisk stand, tenlege og fremjar auka idrettsleg og fysisk aktivitet.

Innan friluftsliv har vi fire etablerte friluftsområde, men mykje ugjort i leggja tilrette for friluftsliv generelt. Vi må difor prioritera denne typen anlegg i planperioden.

#### **13.1.3 Skyteanlegg**

Kommunedelplanen for 2005-2014 slo fast at Fusa vil prioritera kommunale tilskot til utbygging og drift av eit hovudanlegg for baneskyting på Holdhus og eit mindre anlegg for trening i Strandvik. Dette prinsippet vert vidareført i den nye planen og vert også gjeldande for innandørs miniatyrskytebanar, der det alt er ein mindre skytebane etablert i Fusa ridehall og der det ligg føre planar for eit fullverdig tilbod i Eikelandsosen i samband med planlagt fleirbrukshall. Sævareidfjorden skyttarlag vil ha høve til å søkja om statlege spelemidlar, men vil då ikkje få kommunale tilskot.

#### **13.1.4 Fleirbrukshall**

Fusa kommune har eit prinsippvedtak om å byggja ein fleirbrukshall i kommunesenteret Eikelandsosen. Før desse planane er realiserte vert det ikkje aktuelt å gje kommunale tilskot til idrettshallar eller spesialhallar/tilbod med same føremål andre stader i kommunen.

#### **13.1.5 Prinsipp for prioriteringar**

Fram mot 2017 er det laga eit handlingsprogram for kva anlegg for idrett og friluftsliv som er planlagt bygd i Fusa. Oversikten er innspel (uprioritert) frå idrettslag, turlag, BOF, skular og andre. I denne lista er det tiltak som i dag ikkje er fremja som søknader om statlege spelemidlar. Den årlege prioriteringa av handlingsprogrammet i planen, med vedtak i kommunestyret, er basert på reelle søknader om spelemidlar og er vesentleg kortare. Ein

finn det difor rett at handlingsprogrammet for 2014-2017 som følgjer hovudrulleringa av planen blir ståande uprioritert.

Ved prioritering av søknader om spelemidlar skal:

- Det kvart år gjerast prioritering av nye søknader.
- Tidlegare søknader gå føre og prioriteringa frå året før vert vidareført
- Rehabilitering har prioritet før nybygg
- Utvikling av eksisterande anlegg ha prioritet før heilt nye anlegg
- Friluftsliv skal ha prioritet både for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg
- Det kan gjerast unntak frå desse prinsippa dersom særlege samfunnsinteresser tilseier dette. T.d. store investeringar som bygging av fleirbrukshall

### **13.1.6 Arealbruk**

Mål, strategiar og tiltak i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, som har arealmessige implikasjonar, vert følgd opp i arbeidet med arealdel til kommuneplanen.

## 13.2 HANDLINGSPROGRAM 2014-2017

### 13.2.1 Innspel til ordinære- og nærmiljøanlegg for idrettsaktivitet 2014-2017 (ikkje prioritert rekkefølge)

Nr	Idrettsanlegg	Type anlegg	Kategori	Anleggseigar	Spelem	Eigenk	Komm tilskot	Total kostnad
1	Bygdastølen ski- og tursenter	Langrennsløype	Ordinær	Stiftinga BST	133	133	133	400
2	Bygdastølen ski- og tursenter	Ombygging av løype på stadion	Ordinær	Stiftinga BST	83	83	83	250
3	Eikelandsfjorden idrettsplass	11-ar krøllgrasbane	Ordinær	Eikelandsfjorden IL	2.333	2.333	2.333	7.000
4	Eikelandsfjorden idrettsplass	Joggeløype 500 m	Nærmiljø	Eikelandsfjorden IL	300			600
5	Fusa fleirbrukshall	Fleirbrukshall	Ordinær	Fusa kommune	12.200	17.000	15.800	45.000* *eks moms
6	Fusa skule	Hinderløype/ Tarzanløype Rehab av aktivitetsanlegg	Nærmiljø	Fusa kommune	150		150	300
7	Fusa ungdomsskule	Skatepark	Nærmiljø	Fusa kommune	200		200	400
8	Fusa ungdomsskule	Innandørs 15 m miniatyrskytebane (sjå 13.2.1 tiltak 5)	Ordinær	Hålandsdal og Eikelandsfjorden skyttarlag	283	283	283	850
9	Fusa vidaregåande skule	Joggeløype 500 m (sjå 13.2.2 tiltak 6)	Nærmiljø	Fusa kommune (?)	200			600
10	Fusa vidaregåande skule	Treningsapparat ute	Nærmiljø	Fusa kommune (?)				200
11	Fusa vidaregåande skule	Skule O-kart	Nærmiljø	Fusa vidaregåande skule	75	75		150
12	Holdhus idrettspark	Ballbinge	Nærmiljø	Fusa kommune	300	300		600



13	Holdhus idrettspark	Klatrevegg inne	Ordinær	Fusa kommune	70		140	210
14	Holdhus idrettspark	Ombygging rulleskibane (inngang sør)	Ordinær	Fusa kommune	150	187	113	450
15	Holdhus idrettspark	Snøproduksjons- anlegg	Ordinær	Hålandsdal IL	700	700	700	2.100
16	Holdhus	Terrengsykkel- løype	Nærmiljø	Hålandsdal IL				
17	Holdhus idrettspark	Hinderløype/tarzan	Nærmiljø	Fusa kommune	150		150	300
18	Holdhus	Hoppbakke (rehab)	Nærmiljø	Hålandsdal IL				
19	Holdhus skytebane	100 m riflebane	Ordinær	Fusa og jakt og fiskelag	167	167	167	500
20	Karatehall på Fusa	Idrettsbygg	Ordinær	Fusa karateklubb	700	700	700	2.100
21	Klakkane skytebane	50/ 100 m (rehab)	Ordinær	Sævareidfjorden skyttarlag	70	140		210
22	Klakkane skytebane	Leirdue/ Feltskyting Elgbane	Ordinær	Sævareidfjorden skyttarlag	90	180		270
23	Klakkane skytebane	Idrettsbygg (rehab)	Ordinær	Sævareidfjorden skyttarlag	83	167		250
24	Nore Fusa skule	Skule O-kart	Nærmiljø	Fusa kommune	75			150
25	Nore Fusa skule	Sykkelløype, rehab idrettsleikutstyr, turløype	Nærmiljø	Fusa kommune				
26	Nore Fusa idrettsplass	Krøllgras 7-arbane	Ordinær	Ådlandsfjorden IL	566	566	566	1.700
27	Solvang klatrefelt	Klatrefelt ute	Ordinær	Hålandsdal IL				
28	Strandvik ridebane	Utandørs ridebane (rehab)	Ordinær	Fusa hestesportlag	400	400	400	1.200
29	Trollskogen barnehage	Klatrevegg/ stativ	Nærmiljø	Fusa kommune	25		25	50
30	Trollskogen barnehage	Tarazanløype	Nærmiljø	Fusa kommune	25		25	50
31	Vikelio skytebane	100 m/ 200 m (rehab)	Ordinær	Strandvik skyttarlag	133	133	133	400
32	Vikelio skytebane	Idrettsbygg (rehab)	Ordinær	Strandvik skyttarlag	500	500	500	1.500
33	Holdhus idrettspark	Skytehall 15 m	Ordinær	HIL				
34	Eikelandsfjorden	9-arbane m	Ordinær	Eikelandsfjorden idrettslag				
35	Eikelandsfjorden	Friidrett f sprint, kast	Ordinær	Eikelandsfjorden IL				

### 13.1.2 Innspel til anlegg for friluftsliv 2014-2017 (ikkje prioritert rekkefølge)

	Friluftsanlegg	Type anlegg	Anleggseigar	Spelem	Eigenk	Kommunalt tilskot	Total kostnad
1	Bygdastølen ski- og tursenter	Turløyper på vinter	Bygdastølen ski- og tursenter				
2	Fusaneset friluftsområde	Badeplass	BOF				
3	Hagafjøra friluftsområde	Badeplass	BOF				
4	Hytte ved Botnavatnet	Dagsturhytte/ steinbu	Fusa turlag	100	100	100	300
5	Skjelavika friluftsområde	Badeplass	BOF				
6	Turveg Eikelandsosen-Heihiller	Turveg for syklende og gåande	Fusa kommune/idrettslag	500	500		1.000
7	Vinnesholmen friluftsområde	Badeplass	Stiftinga Vinnesholmen / BOF				

### 13.3 LANGTIDSPROGRAM 2014-2025

#### 13.3.1 Innspel til idretts- og nærmiljøanlegg til langtidsprogram 2014-2025 (ikkje prioritert rekkefølge)

Nr	Idrettsanlegg	Type anlegg	Kategori	Anleggseigar	Spelem	Eigenk	Komm tilskot	Total kostnad
1	Bygdastølen ski- og tursenter	Idrettsbygg	Ordinær	Stiftinga BST	200	200	200	600
2	Eikelandsfjorden idrettsplass	Idrettsbygg	Ordinær	Eikelandsfjorden IL	1.666	1.66	1.66	5.000
3	Eikelandsfjorden idrettsplass	Rehab 11-ar grasbane	Ordinær	Eikelandsfjorden IL	1.666	1.666	1.666	5.000
4	Golfanlegg	Nærmiljø med 6- hol	Nærmiljø		300	300		600
5	Holdhus	Hoppbakke (rehab)	Nærmiljø	Hålandsdal IL				
6	Holdhus idrettspark	Ombygging rulleskibane (inngang frå nord)	Ordinær	Fusa kommune				
7	Nore Fusa skule	Sandvolleyballbane	Nærmiljø	Fusa kommune	200		200	400
8	Nore Fusa idrettsplass	Idrettsbygg	Ordinær		800	800	800	2.400
9	Strandvik idrettsplass	Krøllgras 7-arbane	Ordinær	Strandvik IL	566	566	566	1.700
10	Strandvik nye skytebane	100 m/200 m/ skyttarhus	Ordinær	Strandvik skyttarlag	1.116	1.116	1.116	3.500
11	Strandvik nye skytebane	Innandørs skytebane 10-12 skiver	Ordinær	Strandvik skyttarlag	666	666	666	2.000
12	Søre Fusa skule	Gymsal (rehab)	Ordinære	Fusa kommune	150		150	300
13	Søre Fusa skule	Rehab av aktivitetssanlegg	Nærmiljø	Fusa kommune 56	150		150	300

14	Nore Fusa skule	Rehab av aktivitetsanlegg	Nærmiljø	Fusa kommune	150		150	300
15	Eikelandssosen skule	Rehab av aktivitetsanlegg	Nærmiljø	Fusa kommune	150		150	300
16	Fusa ungdomsskule	Rehab av aktivitetsanlegg	Nærmiljø	Fusa kommune	150		150	300
17	Holdhus skule	Rehab av aktivitetsanlegg	Nærmiljø	Fusa kommune	150		150	300
18	Strandvik skule	Rehab av aktivitetsanlegg	Nærmiljø	Fusa kommune	150		150	300
19	Strandvik idrettsplass	1 ny permanent sandvolleyballbane	Nærmiljø	Strandvik IL				
20	Strandvik idrettsplass	Ny og større lagerby/kiosk	Ordinær	Strandvik IL				
21	Strandvik idrettsplass	Tak over eksisterande	Ordinær	Strandvik IL				

### 13.3.2 Innspel til anlegg for friluftsliv langtidsprogram 2014-2025(ikkje prioritert)

Nr	Friluftsanlegg	Type anlegg	Anleggseigar	Spelem	Eigenk	Kommun tilskot	Total kostnad
1	Bogen Engevik	Badeplass	Privat/ BOF				
2	Bygdastølen ski- og tursenter	Utebuer i grindeverk	Stiftinga BST				
3	Steinevika på Baldersheim	Badeplass	Privat/BOF				
4	Sævareidvassdraget	Fiskerampe for funksjonshemma mm	Privat/ BOF				
5	Tretteskjera	Uthamn	Privat/BOF				
6	Padleløyper	Kart/ fysisk tilrettelegging	Fusa kommune/BOF				

## Vedlegg 1

### Tiltak og innspel som ikkje er komne med i handlingsprogrammet

Nr	Anleggstad	Tiltak	Anleggseigar	Årsak	Total kostnad
1	Bergegrend/ Austestad	Gang- og sykkelveg	Hordaland fylkeskommune	Gang og sykkelveg som ein integrert del av ein FV har ikkje rett til spelemidlar	
2	Bygdastølen ski- og tursenter	Tribune	Stiftinga BST	Gjev ikkje rett til spelemidlar	
3	Bygdastølen ski- og tursenter	Framføring av straum frå Solvang	Stiftinga BST	Gjev ikkje rett til spelemidlar	
4	Bygdastølen ski- og tursenter	Utviding av parkering	Stiftinga BST	Gjev ikkje rett til spelemidlar	
5	Eikelandsfjorden idrettsplass	Tribune	Eikelandsfjorden idrettslag	Tribuneanlegg gjev ikkje rett tilskot	1.000
6	Fusa skule	Rutsjebane/ uteamfi	Fusa kommune	Gjev ikkje rett til spelemidlar	
7	Fusa skule	Grøfting og drenering på skuleplass	Fusa kommune	Vedlikehald gjev ikkje rett til spelemidlar	
8	Fusa vidaregåande skule	Treningsstudio	Fusa kommune	Sjå 13.1.1 Tiltak 5	
9	Holdhus rulleskibane	Kostemaskin	Hålandsdal IL	Denne typen utstyr gjev ikkje rett til tilskot	
10	Holdhus skytebane	Opprusting av 100 m/ 200 m	Hålandsdalen og Eikelandsfjorden skyttarlag	For låg kostnad	140
11	Holdhus skytebane	Opprusting av elgbane	Fusa jakt og fiskelag	For låg kostnad	80
12	Holdhus skytebane	Innandørs 15 m miniatyrskyttebane	Fusa jakt og fiskelag	Er alt med i planen. Sjå tiltak 13.1.1 Tiltak 5 og 8	300
13	Klakkane skytebane	Opprusting av veg og parkering	Sævareidfjorden skyttarlag	Gjev ikkje rett til spelemidlar	90
14	Klakkane skytebane	Omlegging av tursti	Sævareidfjorden skyttarlag	For låg kostnad	10

15	Nore Fusa barnehage	Opparbeiding av leikeområde for barnehage	Fusa kommune	Tilrettelegging for leik gjev ikkje rett til spelemidlar	
16	Nore Fusa skule	Opprusting av leikeutstyr/ -hytte	Fusa kommune	Tilrettelegging for leik gjev ikkje rett til spelemidlar	
17	Søre Fusa skule	Nytt toppdekke/ grus på ballplass	Fusa kommune	Manglande vedlikehald gjev ikkje rett til spelemidlar	
18	Søre Fusa skule	Utviding av skuleområde	Fusa kommune	(Sjå 13.2.2 tiltak 3)	
19	Vikelio skytebane	Opprusting av veg og parkering	Strandvik skyttarlag	Gjev ikkje rett til spelemidlar	1.200

## VEDLEGG 2

### Krinsvis oversyn - idretts- og nærmiljøanlegg i Fusa

	Strand	Vinnes	Fusa	Eosen	Hol m fj	Boga	Hå l dal	Sæv	Bald	Nordt
Ballbingar		1	1	3	1	1		1		
Fleirbruksbane	1									
Fotballbanar	1		1	2	1		1		1	1
Friddrett										1
Friluftsområde	1	1	1	1						
Gymsalar	1		2	3	1		1		1	
Nærmiljøanlegg skule	1	1	1	2	1		1		1	
Nærmiljøanlegg bustadfelt o.a.			1	2	1		1	1		
Rideanlegg	1									
Sandvolley	2		1	1						
Skateanlegg						1				
Skianlegg							2			
Skyteanlegg	1				(1)		1 (3)	1		
Skytehall	1									
Symjehall			1	1						
<b>Samla tal anlegg</b>	<b>10</b>	<b>3</b>	<b>9</b>	<b>15</b>	<b>5(6)</b>	<b>2</b>	<b>7(9)</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>2</b>
<b>Samla utbetal spelemidlar</b>	<b>2763</b>	<b>325</b>	<b>6303</b>	<b>4251</b>	<b>257</b>	<b>302</b>	<b>7410</b>	<b>342</b>	<b>435</b>	<b>1684</b>

## Vedlegg 3

### Krinsvis vurdering av idrettsanlegg

Krins - anlegg	Eigar	Tilstand	Belegg	Merknader
<b>STRANDVIK</b>				
Ridehall	Fusa ridehall AS	God	Mykje brukt	
Innandørs skytebane 15 m	Strandvik skyttarlag	God	Mykje brukt	
Fleirbruksbane m kunstgras	Strandvik IL	God		
2 x sandvolleyballbanar	Strandvik IL	God		
Grusbane 7-ar m lys	Strandvik IL	Dårleg		Treng rehab/ ombygging
Aktivitetsanlegg - skule	Fusa kommune	God		Treng vedlikehald. Ny fallsikker grus
Gymsal	Fusa kommune	God	Fullt belegg	Liten sal. Behov for nytt golv.
Skytebane 100 m	Strandvik skyttarlag	God	Mykje brukt	
Skytebane 200 m	Strandvik skyttarlag	God	Mykje brukt	Få skiver.
Skyttarhus	Strandvik skyttarlag	God		Behov for rehabilitering
<b>VINNES</b>				
Ballbinge	Nesjaheimslaget	God		
Aktivitetsanlegg skule	Vinnes friskule	God		
Gymsal	Vinnes friskule	Dårleg		Svært liten
<b>FUSA</b>				
Ballbinge Opsalmarka	Opsalmarka Vel	God		
Aktivitetsanlegg - skule	Fusa kommune	Dårleg		
Krøllgrasbane	Venjar IL	God		
Gymsal	Fusa samfunnshuslag	God	Mykje brukt	
Sandvolleyballbane	Fusa kommune	God		Treng vedlikehald
Framo aktiv symjebasseng	Frank Mohn Fusa	God	Mykje brukt	
Framo aktiv - styrketrening	Frank Mohn Fusa	God	Mykje brukt	
Framo aktiv - gymsal	Frank Mohn Fusa	God	Mykje brukt	
Tursti	Venjar IL	Dårleg ?		
<b>EIKELANDSOSEN</b>				
Grasbane	Eikelandsfjorden IL	Dårleg	Lite brukt	Treng rehab/ lita toleevne og kort sesong



Grusbane	Eikelandsfjorden IL	God	Mykje brukt	
Gymsal - samfunnshus	L/L Eikelandsfjorden samfunnshus	God	Mykje brukt	
Gymsal - ungdomsskule	Fusa kommune	God	Mykje brukt	
Gymsal - vidaregåande	Bjørnefjorden utvikling AS	God	Mykje brukt	Ledig kapasitet i haust
Symjehall	Fusa kommune	God		Ledig kapasitet utanom vanleg opningstid
Sandvolleyballbane - ungdomsskule	Fusa kommune	God		
Aktivitetsanlegg - ungdomsskule	Fusa kommune	God		Treng rehab
Aktivitetsanlegg - barneskule	Fusa kommune	God		
Aktivitetsanlegg Stallabrotet	Stallabrotet Vel	God		
Aktivitetsanlegg Eikebakken	Eikeland Vel	God		
Ballbinge - barneskule	Fusa kommune	God		
Ballbinge - vidaregåande	Fusa kommune	Dårleg		Treng vedlikehald
Ballbinge - Bergegrend	Bergegrend/ Austestad bygdeutval	God		
<b>Krins - anlegg</b>	<b>Eigar</b>	<b>Tilstand</b>	<b>Belegg</b>	<b>Merknader</b>
<b>BOGØY</b>				
Ballbinge	Bogøytunet	God		
Skaterampe	Bogøytunet	God		
Aktivitetsanlegg - ballplass	Bogøytunet	God (?)		
<b>HOLMEFJORD</b>				
Ballbinge NFS	Fusa kommune	Dårleg		Treng skifte av kunstgras
7-ar bane grus m lys NFS	Fusa kommune	Dårleg		Treng vedlikehald
Aktivitetsanlegg - skule	Fusa kommune	Dårleg		Treng rehabilitering
Aktivitetsanlegg	Nore Fusa uteleikeplass	God		Uteleikeplass knytt til skulen
Skytebane Ådland	Fusa skyttarlag	Dårleg		Nedlagt? Usikker status
<b>HÅLANDSDALEN</b>				
Aktivitetsanlegg - skule	Fusa kommune			Treng vedlikehald
Holdhus skytebane 100m	Hålandsdal og Eikelandsfjorden skyttarlag	God	Mykje brukt	
Holdhus skytebane	Hålandsdal og	God	Mykje brukt	

200 m	Eikelandsfjorden skyttarlag			
Holdhus skytebane skyttarhus	Hålandsdal og Eikelandsfjorden skyttarlag/ Fusa jakt og fiskelag	God	Mykje brukt	
Holdhus skytebane elgbane	Fusa jakt og fiskelag			
Holdhus idrettspark rulleskibane 3,3 km m skiskyttarstadion	Fusa kommune	God	Mykje brukt	Ledig kapasitet
Bygdastølen ski- og tursenter langrennsløype m lys og skiskyttarstadion	Stiftinga Bygdastølen ski og tursenter	God	Mykje brukt	Ledig kapasitet/ kort sesong
Bygdastølen ski- og tursenter skileikanlegg m lys	Stiftinga Bygdastølen ski og tursenter	God	Mykje brukt	Ledig kapasitet
<b>Krins - anlegg</b>	<b>Eigar</b>	<b>Tilstand</b>	<b>Belegg</b>	<b>Merknader</b>
<b>SÆVAREID</b>				
Ballbinge	Haugen vel	God		
Ballplass	Haugen vel	God		
Skytebane 100 m	Sævareidfjorden skyttarlag	Dårleg		Treng rehabilitering
Skytebane 50 m	Sævareidfjorden skyttarlag	Dårleg		Treng rehabilitering
Skytterhus	Sævareidfjorden skyttarlag	Dårleg		Treng rehabilitering
Feltskytebane 200/300 m	Sævareidfjorden skyttarlag	Dårleg		Treng rehabilitering
<b>BALDERSHEIM</b>				
Fotballbane 7-ar grus m lys	Fusa kommune	Dårleg		Treng vedlikehald
Aktivitetsanlegg skule	Fusa kommune			
Gymsal skule	Fusa kommune	Dårleg		Treng rehabilitering
<b>NORDTVEIT</b>				
Grasbane 11-ar	Søre Fusa	God	Ledig kapasite	
Friidrettsanlegg	Søre Fusa	Dårleg	ikkje brukt	
Klubbhus	Søre Fusa	God		

## Vedlegg 4

### REFERANSER OG KJELDER

#### Referanseliste

##### *Nasjonale dokument:*

[St.meld. nr. 14](#) (1999-2000), Idrettslivet i endring  
[St.meld.nr. 39](#) (2000-2001), Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet  
[St.meld. nr. 23](#) (2001-2003), Betre miljø i byar og tettstader  
[St.meld.nr. 39](#) (2006-2007), Frivillighet for alle  
Folkehelseloven (2011)  
[St.meld.nr. 16](#) (2010-2011) Nasjonal helse og omsorgsplan (2011-2015)  
Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005- 2009 Sammen for fysisk aktivitet  
St.meld. 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseskilnader  
St.meld. 26 (2011-2012), Den norske idrettsmodellen  
Barnehageloven med gjeldande føreskrifter, 2012  
Opplæringslova  
Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (V-0732)  
Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet, 2007. Rettleiar frå Kultur og kyrkjedepartementet ,  
Norges idrettsforbund, Rettleiar for idrettsrådet  
[St.meld. nr. 39](#), Friluftsliv- ein veg til høgare livskvalitet  
*Nasjonal transportplan 2010-2019 med den nasjonale sykkelstrategien og den nasjonale gåstrategien*  
*Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområde, MD 2014-2020*  
*Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv 2014-2020*  
*St. meld. 34 (2012-2013) Folkehelsemeldinga - god helse - felles ansvar*

##### *Regionale dokument:*

Fylkesdelplan 2006 – 2009, Deltaking for alle - universell utforming  
Fylkesdelplan 2008-2012, Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, Aktiv kvar dag  
Område for friluftsliv - Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland.  
Prosjektrapport 2008 (Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland)  
Fleire gode leveår for alle – Regional plan for folkehelse 2014-2025

##### *Kommunale dokument:*

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2005-2014  
Planprogram – kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2012-2019  
Samfunnsdelen til kommuneplan for Fusa kommune 2011-2023  
Kommuneplanen, arealdel 2006-2016  
Oppvekstplan 2010-2020 Fusa for framtida - trygg, stolt og sterk  
Velferdsplan 2010-2020, Gode kår i alle år  
Klima- og energiplan 2011-2020  
Folkerapporten for Fusa kommune, 2012

*Andre nytta dokument:*

Oppsummering, innspill fra idrettslagene vedrørende kartlegging og behov for flerbrukshall, Mol Sport 2012

Fleirbrukshall i Fusa? Undersøking frå Fusa ungdomsråd 2009

Kommunedelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2013-2020 for Os kommune, 2013

Kommunedelplan for idretts og fysisk aktivitet 2011-2018 for Fjell kommune, 2012